


# Bokn Bygdablad

Nr. 1 februar 2012 – Årg. 27



Jomfrutur – s. 6



Nye bustader – s. 8



Fotoinnsamling – s. 34



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ BOKN



# RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

## Fleirbrukskall

I kommunestyremøte den 14. februar blei plasseringa av fleirbrukskallen i Bokn endelig vedtatt. Saka starta tidleg førre periode og mykje godt arbeid er alt gjort. Men for at administrasjonen skulle koma vidare, var det nå avgjerande å vedta ein plassering. Nå har kommunestyret bestemt at ein i kommuneplanen set av areal for bygging av fleirbrukskall og barnehage i området "Tresnippet" i Foresvik. I denne samanhengen vil ein også vurdera ei omlegging av Foresvikvegen slik at trafikken ikkje kjem i konflikt med brukarane av fleirbrukskallen.

Kommunestyret har bedt administrasjonen om å setja i verk nødvendig planarbeid og konsekvensutgreining, og det vil bli oppretta eit planutval for bygging, drift og finansiering av anlegget. For å løysa plassproblematikken i dagens skulebygg, har kommunestyret også bedt formannskapet om å oppretta ei sak om ombygging/utbygging av Bokn skule. I tillegg er det vedteke å førebu ei sak om utbygging av ei ny avdeling i Bokn barnehage for å løysa dei kortsigtinge arealproblema.

Med desse vedtaka er det tatt eit viktig steg vidare for å få realisert ein fleirbrukskall i bygda. Men det er framleis mykje arbeid som skal gjerast før bygget står klart. Ein vil nå frå administrasjonen si side intensivera arbeidet og kjøre fleire planmessige løp for at ein kan få spaden i jorda så raskt som mogleg. Det er vanskeleg å seia noko nå om kor tid ein fleirbrukskall kan stå ferdig, men politisk og administrativt skal ein i tida framover jobba intensivt med denne viktige saka.

## Brufast?

Statens vegvesen startar nå ei utgreining om bygging av ei 7,5 km bru over Boknafjorden. Ei aktuell løysing kan vera ei skråstagsbru med flytande tårn forankra ned til 500 meters djupne. Årsaka er samferdsledepartementet sitt krav om at ei bruløsing blir utgreidd parallelt med tunnelalternativet.

Bakgrunnen er at fagmiljøet nå ser at det er i ferd med å bli teknisk mogleg å kryssa slike krevjande fjordar med ei bruløsing. Undersjøiske tunnelar er også svært dyre i drift, og bru kan



Fylkeskommunal signingsferd. F.v. rådmannens stedfortredar Bjørn Nøttum, ordførar Kyrre Lin-danger, fylkesordførar Janne Johnsen og fylkesvaraordførar Terje Halleland.

Foto: Jardar Havikbotn

vera eit billegare alternativ på lang sikt. Utgreininga blir, i følgje prosjektleiar Olav Ellevset, satt i gang nå slik at Statens vegvesen slepp å kome tilbake til dette spørsmålet når ein i 2015 startar utbygginga av Rogfast basert på ei tunnelløsing. Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa har lagt inn ein klar premiss om at skisseprosjektet ikkje skal forseinka framdrifta av Rogfast.

Eg forventar at den vendinga planlegginga nå har tatt, ikkje på nokon måte forseinkar Rogfast-prosjektet. Det har vore krevjande nok å få sentrale mynde til å opna opp for ein tunnel til 8 milliardar kroner om ein ikkje nå også skal kjempa fram aksept for eit bruprosjekt til 20 milliardar kroner. Eg oppfattar dette skisseprosjektet som eit byråkratisk pliktlosp som ein bør setja strek over så snart som råd. Alt anna vil kunne stela fokus frå det viktigaste samferdsleprosjektet på Vestlandet nokon sinne.

## Møte med ny fylkesordførar

Den nye fylkesordføraren vår, Janne Johnsen (H), har i løpet av vinteren besøkt kommunane i Rogaland, og den 2. februar var ho i Bokn saman med fylkesvaraordførar Terje Halleland (Frp). I denne samanhengen blei det tatt opp ulike saker for Bokn kommune, ikkje minst saker som er viktige i samband med kommuneplanarbeidet. Det var då naturleg å drøfte Rogfast og bruk av tunnelmassar. Fylkesordføraren heldt fast ved at Rogfast er det viktigaste samferdsleprosjektet i Roga-

land og at det framleis blir tillagt spesiell politisk merksemrd i fylkeskommunen.

Det var viktig å streka under at Bokn kommune treng støtte frå Rogaland fylkeskommune i samband med planarbeidet for å få gjennomslag for utbyggingar og prosjekt som er viktige for bygda framover, slik som til dømes bustadbygging og næringsutvikling og bruk av tunnelmassar frå Rogfast.

I slike samanhengar er fylkeskommunen spesielt viktig for småkommunar som Bokn, som er avhengig av regional drahjelp for å utvikla lokalsamfunnet. Fylkeskommunen si oppgåve er å vera forvaltar, tenesteprodusent og regionalutviklar. Me veit at storbyane utfordrar fylkeskommunane på desse oppgåvene, særleg innan eigne bygrenser, men også for småkommunane som ligg rundt. Fylkeskommunen er ein viktig ombudsinstitusjon for kommunen, også i forhold til å gi råd og rettleiling. Difor er det viktig for meg som ordførar å ha ein fortøpende og tett dialog med fylkesordføraren.

Møtet i Bokn var nyttig. Fylkeskommunen fekk viktig kunnskap om pågående planarbeid, og me fekk mange positive signaler i forhold til dei sakene me er opptekne av. Fylkesordføraren meinte i det heile at Bokn går ei spennande tid i møte i forhold til det som skal skje innan samferdslesektoren dei neste åra.

Ordføraren

# Heile bladet i fargar!

Dette fyldige bladet markerer at Bokn Bygdablad, i sin 27. årgang har gått over til fargar på alle side-ne.

Ikkje berre er dette inspirerande for oss som jobbar med bladet, men det er også viktig, i ei tid der papirutgåver tapar i forhold til nettutgåver, å legga vekt på at trykksaka også skal sjå fin ut. For fargebilde gir eit reinare og

ryddigare inntrykk, og kan vera mindre enn svart/kvitt-bilde utan at det går ut over motivet.

Dessutan opnar omlegginga for spennande løysingar. **Kommuneblåfargen**, og ulike sjatteringer av denne vil gå igjen, og erstattar gråfarge-sjatteringane og svart bakgrunn, som blei brukt tidlegare.

Denne nye erfaringa vil nok gå seg til etter kvart, og ein skal vera forsiktig med fargane. Eit glorete blad med

visuell overflod er ingen tent med. Likevel bør annonsørar, både private og frå næringslivet, ha i tankane at alt nå er muleg, når det gjeld bruk av fargar.

Eg håpar og trur at du som leser vil setta pris på den nye visuelle verda som bokstaveleg talt har opna seg i det du nå held i hendene.

Kos deg med bladet!

- redaktøren -

## Ny saksbehandlar i seksjon teknisk

Jardar Havikbotn

Tone Bergaas begynte som saksbehandlar i Bokn kommune 14. november i fjor. Med solid yrkesbakgrunn gjekk ho rett inn i stillinga frå første arbeidsdag.

62-åringen frå Bergen er skilt og har ingen barn. Ho har to systre, ei i Stavanger og ei på Stord. Vestlendingen har budd på Austlandet sidan 1982, med avbrekk til ulike stader av landet i forhold til dei jobbane ho har hatt. Nå ville Tone vestover igjen, og det klaffa bra då ho såg utlysinga om interessant jobb i Bokn.

### Allsidig erfaring

Frå ein imponerande og tre tettkskrivne A4-siders CV, kan nemnast at ho har yrkesskule bak seg, med teknisk teikning, gymnas, ingeniørhøgskule, Praktisk pedagogikk og Norsk i yrkesfag.

Bygningsingeniøren har arbeiddt med tekniske oppgåver i over 10 ulike kommunar i landet. Tone har også yrkesbakgrunn frå Arbeidstilsynet, Statkraft, Opak, Techpower og Partnerline AS. I første halvdel av 1990-talet var ho i undervisningsverda, og dreiv med vakenopplæring i Drammen. Den allsidige dama har også vore undervisninginspektør ved ein vidaregåande skule i Kirkenes.

Dei siste åra har ho hatt si eiga verksemid som rådgjevande ingeniør.

### Matrikkelførarautorisasjon

Tone trivst godt med arbeidsoppgåvene sine i Bokn; byggensaksbehandling, utsleppssaker, delesaker, kommunale avgifter, kart og oppmåling og vatn og avløp. Kort sagt alt innan teknisk bortsett frå planarbeid og formannskapsaker.

Bergenseran har også nyleg vore på kurs i matrikkelføring, og sørga for at Bokn kommune tar kart og oppmålingsfaget tilbake til Bokn i staden for å leia hjelp frå Tysvær kommune. Å ha autorisasjon som matrikkelførar vil sei å få lov å gjera endringar i grunnboka.



Tone Bergaas

### God helse

Ho har ikkje tenkt å pensjonera seg, sjølv om ho i følge alderen kan det.

- For meg er det å skrive under sin egen protokoll, og det er ille, kjem det på klingande bergensk.

Tone forstår at folk som har hatt same jobb i 30-40 år har lyst til å gjera noko anna. Sjølv har ho gjort så mykje forskjellig heile vegen at behovet ikkje er til stades.

God helse har ho også. Ho sym 1.000 meter i veka, og håpar å få tid til å koma opp i 3.000 m, slik som i fjor. Ho syklar også mykje, og kan sjå tilbake på deltaking i Trondheim-Oslo rittet. Mykje skigåing har det blitt opp gjennom åra, på Austlandet vel og merke. Roing står også på interesselista, og du skal ikkje sjå bort i frå at ho stiller på kapproainga 17. mai. Det blir i tilfelle i korpsuniform. Ho begynte nemlig i Bokn Brass med ein gong ho kom til Bokn. Få har nok spelt i korps så mykje over heile landet som Tone har.

Den største hobbyen er likevel ride-sport, og ynskjet om å skaffa seg hest er stort. Det skulle vel vera mulegheit for det i Bokn.

### Super framtid

Saksbehandlaren ser ingen grunn til at det ikkje skal gå rett til vérs med Bokn. Ja, ho meiner Bokn kommune er i ein unik situasjon for ei super framtid; eit lite samfunn som er lett å få oversikt over, og som då er lett å administrera. Kommunen ligg ved kysten i den delen av Noreg kor kanskje bruntonasjonalproduktet er størst. Her er mildt klima, fantastisk natur og il sjømulegheiter, hovudvegsamband mellom nord og sør, og fastland austover. Og sjølvsagt vil T-sambandet og Rogfast føra til at folk vil busetta seg her i større grad, og me vil m.a. få kort veg til flyplassar.

- Bokns framtid er veldig stor, men det krever at vi gjør de rette tingene. Kommunen må være på linje med folket, og ha en inkluderende holdning til dem, meiner Tone, som hadde bygd hus i Bokn, hadde det vore ledig tomt her.

**Tone har kontor ved sida av teknisk sjef i første etasje på Boknataun. Ho har tlf. 52 75 25 05 - 90 77 77 28.**

# Seksjonssjef Dag Halvorsen pensjonist

Jardar Havikbotn

**Dag, du har vore tilsett meir enn 22 år i Bokn kommune som skolekjef og rektor, og seinare seksjonssjef. Kva var grunnen til at du søkte deg til nettopp Bokn kommune?**

- Hvorfor jeg ønsket å jobbe som skoleleder i Bokn? Det skyldtes en sterk interesse for skoleutviklingsarbeid.

Da jeg begynte som skolesjef og rektor i Bokn i april 1989, hadde jeg erfaring med utviklingsarbeid fra ungdomsskoler i Skien, Sandnessjøen, Oslo og Tysvær. I Tysvær hadde jeg også fått anledning til å jobbe med skoleutvikling for hele kommunen.

Jeg ønsket å jobbe mer målrettet med skoleutvikling, og var på jakt etter en skole hvor det var mulig, og hvor det var mulig å få resultater. Jeg mente Bokn hadde de rammevilkår som var nødvendige, og broene som var på vei, gjorde det mulig å dagpendle. Det var en fordel at kommunen, politikere og foreldre, kunne konsentrere seg om en skole, og små kommuner har som regel vilje til å satse på skolen sin. Jeg kjente litt til skolen gjennom Svein Vea og regionsamarbeidet, og visste at skolen hadde motiverte lærere. Jeg regnet også med at den hadde politikere som var åpne for nye tanker, siden det var satset på noe så radikalt som et åpent skolebygg. Det jeg ikke hadde tenkt, var at jobben skulle bli så spennende at jeg ble i stillingen i mer enn 20 år. Først som skolesjef og rektor, senere som seksjonssjef for kultur, skole og barnehage.

**Noko av det første du tok fatt på var vel ombygging og utviding av skulen?**

- Den Bokn skole som jeg kom til var som sagt en såkalt åpen skole, planlagt og bygget under applaus fra min tidligere sjef, Harry Gundersen, skolekjef i mange år i Tysvær. Jeg hadde ingen sterke meninger om åpne skoler, men jeg var noe skeptisk på vegne av de elevene som hadde konsentrasjonsproblem.

Og det viste seg at tiden var moden for å ta skolebygget et steg videre i forbindelse med 6-års reformen. Vi delte opp klasseromsdelen i 3 deler, en for hvert av de 3 hovedtrinnene 1-4, 5-7 og 8-10. På den tiden var elevtalllet ikke større enn at trinnene 1-7 skulle være fældt, og arealet var tilpasset den situasjonen. Men alle forlangte fulldekt skolebygg, samtidig som det politisk ble strammet inn på nybygget i nord, og det ble trangt å finne plass til 10 klasserom, i stedet for 7. Vi

la også stor vekt på at elevene skulle oppleve de 10 årene på samme skole som en «reise» gjennom skolebygget.

**Og arbeidet med skoleutvikling?**

- Skoleutvikling har selvfølgelig litt med skolebygget å gjøre. Men det går mest på den indre organiseringen og opplæring. Det er vanskelig å se utenfra at det skjer et systematisk utviklingsarbeid, og at det gir resultater. Det er også vanskelig å sitte i etterkant og vurdere sitt eget bidrag til utviklingen gjennom 20 år. Skoleutvikling er dessuten resultatet av innsatsen til et helt kollegium. Men de objektive indikatorene som finnes for Bokn skole peker rette veien, og min egen opplevelse av utviklingen er at skolen har et fortjent godt rykte, som har nådd helt til utdanningsdirektøren hos fylkesmannen i Rogaland.

Samarbeidet med Bokn Bufellesskap og fylkeskommunen om elevene som bor i bufellesskapet har gitt skolen en spisskompetanse som få tilsvarende små kommuner har.

Og kommunen er så langt jeg vet en av få i landet som ikke har fått avvik eller merknader de siste årene når utdanningsdirektørene har vært på sine landsdekkende skoletilsyn.

Vi har imidlertid ikke satset på å bli en spydspiss i skoleutviklingen om noen skulle tro det. Vi har ikke drevet utviklingsarbeid for å bli lagt merke til. Vi har hatt elevenes ve og vel som mål, dagens elever og morgendagens. Som Ingjerd Ellingsen formulerte målet vårt da hun som ny skoleleder sa at vi skal ikke være en skole som ligger i forkant på alt nytt. Vi skal være en skole som gjør et solid godt håndverk, til beste for elevene. Den målsettingen har det vært jobbet etter hele tiden.

**Kva for nokre spesielle utfordringer har skulen framover ?**

- Skolen har to utfordringer som er veldig synlige.

Den ene er å håndtere elevtallsøkningen i et skolebygg som har for mange små klasserom. Den andre er å sikre at skolen beholder og utvikler den spisskompetanse som er nødvendig for å kunne drive en god skole.

De siste årene har elevtallet økt tilsvarende minst en ny klasse, noe som har aktualisert bygningsmessige endringer. Jeg håper det finnes en balansert løsning til beste for elevene, og at kommunen ikke bruker så mye på investering at en må knipe inn på skoledriften.



Dag Halvorsen  
Foto: Privat

**Korleis har det vore å jobba i Bokn, kva har glede deg og kva har ergra deg?**

- Arbeidsårene i Bokn har vært gode, med et spennende arbeid for oppvekstmiljøet sammen med dyktige medarbeidere, innen skole, barnehage og kultur. Det har ikke vært en kjedelig dag. Det har også vært dager med strid, men minnet som sitter igjen hos meg er en skole og barnehage og kulturtildel, der politikere, foreldre og ansatte har trukket i lag for å gi barna best mulig start i livet.

Du spør om hva som har gledet meg mest, og det er nettopp dette, at tross uenighet i enkelte saker, har alle trukket i lag for å få noe til, til beste for elevene. Det har som nevnt også gledet meg at Bokn skole fikk oppleve å samarbeide med en institusjon som Bokn bufellesskap, og på den måten gjøre noe for barn som virkelig trenger det. Samtidig har det samarbeidet gitt skolen kompetanse som alle elevene har nytte av.

Jeg vet ikke om det er noe som har ergret meg spesielt. Harde tak har det nok vært innimellom, men det ristet jeg av meg på ferga på veg til Kopervik, eller senere på veg gjennom tunnellen på Austre Bokn. Det tyngste var når enkelte politikere signaliserte mangel på tillit, det var en ny erfaring for meg. Men slikt gruff fikk tunnelen ta vare på.

Skulle jeg nevne noe som uroer meg nå, må det som sagt være redselen for

overinvestering i skolebygg elevene ikke har behov for. Gode bygg må en ha, men det er så lett å bikkje over i å lage monumenter og så ha for lite igjen til driften. Dersom rammene for driften blir for stramme, vil seksjonen fort kunne miste personale med spisskompetanse. Redelsen for kompetanseseflukt er noe som skoleledelsen ved en hver skole har i ryggmargen, og som de må ha handlingsrom til å kunne håndtere.

### Kva meiner du står igjen etter deg i skulen i Bokn?

- Hva står igjen etter mer enn 20 års arbeid for barn og unge i barnehage og skole? Det er lett for ingeniører å se tilbake på yrkeslivet sitt og se resultater av arbeidet sitt. Heter du for eksempel Eiffel og jobbet i Paris, er det tydelig for alle at du fikk til noe. Hva med oss lærere, skoleadministratører og i det hele tatt de som arbeider med barn? Hvor er våre «Eiffeltårn»?

Jeg snakket nylig med en tidligere medarbeider om en elev vi hadde for mange år siden, som ikke hadde de lyseste utsikter i livet. Jo, han hadde greid seg bra, og da tenkte jeg. Jo, sånnne elever er våre små Eiffeltårn. Nei, ikke små, store Eiffeltårn. Og det er godt å vite at personalet i seksjonen vår, sammen har bidratt til bygge mange, mange store Eiffeltårn. Vi har utgjort en forskjell. Det er jeg takknemlig for.

## Reidun Grønnestad pensjonist

Tore Bøe Olsen

Reidun Grønnestad begynte i kommunen sommaren 1992, som sommerferievikar i heimetenesta. Ho fortsette som vikar i heimetenesta, fram til 1994. Då gjekk Reidun inn i eit vikariat på kjøkkenet fram til 1998, samtidig som ho fortsette å vikariere i

heimetenesta.

I 2000 begynte ho i reinhald på Boknatun, kor ho var tilsett fram til august 2011.

Reidun har i tillegg vikariert på Dagsenteret, og ivaretatt støttekontaktoppdrag i kommunen.

**Reidun Grønnestad under avslutninga på Boknatun 16. desember 2011.**

Foto: Jardar Havikbotn



## Næringsliv

### Hårpleie i country-miljø

Jardar Havikbotn

#### 5. mars inviterer Mona Våga til nyåpning av frisørsalong i countrysstil heime i Våga.

Med villmarkspanel på veggane, røffe speilrammer, tau-taklister, hest til dei minste kundane, fônarar og krølltenger i hestesko, hestekøyrele og bestefarsklokke på veggen, retro-radio med countrymusikk, og ikkje minst svingdører, framstår den 15 år gamle salongen på Austre Bokn i rein country og western-look.

Mona er glad i stilarten, og har tenkt på dette lenge.

- Eg hadde lyst å ha noko som ingen andre har på salongen, og dette har eg ikkje sett før, fortel frisøren.

#### Country-sveis?

- Men det var jo dravtoft, kjem det spontant frå kunde Grete Drilen Jøsang. Blir sveisen deretter også ná? Det vil visa seg om Mona slår til med frisyrenamn som t.d. Bluegrass, Hillbilly, eller Hi-ha Spesial.

Takspottar med dimmefunksjon har det også blitt, og Mona snakkar om dempa belysning og roleg musikk når folk t.d. får massasje.

Då eg var på besøk, var ikke alt heilt ferdig, men det blir det til nyopninga.



**Grete Drilen Jøsang (i stolen) er full av lovord om Mona Våga sin nye "Country-salong".**

**Hesten står klar til dei minste kundane.**

- 5. mars blir det m.a. halv pris på alle klypp, og alle kundane får eit produkt med seg heim, avslutar Mona.





# Jomfruturen til M/F Boknafjord

Kjetil Hamre

**Den utskremte for Bokn Bygdablad glemte å sjekke værmeldingen før han sa ja til å dekke jomfruturen til den nye gassferja MF Boknafjord 3. januar. I stormbølger tok vi turen fra Mortavika til Arsvågen og tilbake. Det ble en minnerik tur sammen med mange prominente gjester.**



Boknafjord anløper Arsvågen for første gang.

- Trekk ut til sidene og hold fast, sier styrmannen og legger fra kai. Det er langt ned til sjøen fra styrehuset, og det kiler litt i magen.

Boknafjorden krysses i dag av 2,2 millioner kjørerøy og 5 millioner passasjerer i sambandet mellom Mortavika og Arsvågen. Til nå har de to gassfergene



Boknarar trives på sjøen, tv. styrmann Håvard Hetland og ordfører Kyrre Lindanger.

MF Stavangerfjord og MF Mastrafjord stort sett gjort unna turer natt og dag uten stor hjelp av andre. Nå har de to store traverne fått besøk av verdens største gassferje MF Boknafjord til å ta unna trafikken.

## Økt kapasitet...

- Dette er en gledens dag, uttaler Magnhild Meltveit Kleppa. Mannskapet i sambandet har fått uforholdsmessig kjeft når kapasitetsproblemene har blitt synligjort, spesielt i helger med stor utfart og i dårlig vær. Dårlig vær kan ikke MF Boknafjord heller gjøre noe med, men kapasiteten på sambandet vil bli vesentlig forbedra når skipet setter sine kjempekrefter i sving.

Kjempekrefter er det sannelig snakk om. For å drive skipet fram er det utstyrt med tre gasturbiner som hver gir fra seg 2430 kW, og en diesel hjelpegenerator på 3000 kW. 1350 tonn bruttotonnasje presses frem med dybde på 4,90 lastet skip. Maks dekkslast er 1210 t, så mye vekt skal komme i sig over fjorden. Skipet klarer dette med marsjfart på 20 knop, men skal kunne komme opp i 24 knop om nødvendig og strekket er stort nok.

Dette frakter opp mot 242 biler og 600 passasjerer med mannskap over. Antall vogntog på en tur er 22, og kan selvsagt kombineres med personbiler i tillegg.

Kjempekreftene kan komme godt med når den værharde strekningen over Boknafjorden skal tilbakelegges, men selv en skip som dette kan måtte kaste inn årene av og til.

## Gudmor Kleppa

Statsråd Kleppa er tydelig fornøyd med å ha opplevd prosessen med Boknafjord fra planlegging til jomfrutur. Hun smiler like mye som skip og mannskap, og er rett og slett i strålende humør. Dette er tydeligvis noe hun har drømt om lenge.

Ordfører Kyrre Lindanger og ordfører i Rennesøy, Dagny Sunnanå Hausken, er også svært fornøyd i dag. Kyrre Lindanger er spesielt fornøyd med at navnet Boknafjord ble valgt. Her kunne adm. direktør i Fjord1 Fylkesbaatane, Stig Kristoffersen, opplyse om at det var Tide Sjø som hadde rett på dette navnet, men dialoger kan løse så mangt, og Fjord1 fikk da også overta navnet Boknafjord.

Mannskapet var tydelig godt drillet og fungerte som et stort team. Kaptein Egil Larsen var med som en god ambassadør. Overstyrmann Vidar Fuglevand og den lokale helten denne dagen, boknaren Håvard Hetland, styrtet skuta trygt over fjorden.

Rederiet var faktisk litt glad for ruskeværet på fjorden denne dagen.

Statsråden sa under første overfarten at dette er en sjøsterk ferge, og hadde



Veldig fornøyd statsråd Magnhild Meltveit Kleppa



Svele og kaffe til (fv.) ordfører Kyrre Lindanger, Rennesøy-ordfører Dagny Sunnanå Hausken og konsernsjef Leif Øverland.

nok rett i det. Til min skuffelse var det ikke mange grønne ansikter å se blant journalistene, alle klarte seg forbause godt, ikke minst ferga.

Gudmor Kleppa og Fjord1 er stolte over over at Boknafjorden ikke seiret i ruskeværet denne dagen.



En av tre gassmotorer.



Nysgjerrige ordførere i samtale med maskinsjef Ole Jonny Håbet.

#### ... økt vekst

Med sterk vekst i passasjer og bilfrakt over fjorden gikk rederi, Statens Vegvesen og Samferdselsdepartementet sammen om å få til en tredje gassferge i boknafjordsambandet. Dette var viktig for alle parter. Rennesøy og Bokn hadde vel ikke så mye makt i saken, men mindre viktig var det ikke for de to kommunene heller. Mannskapet på sambandet har fått mye tyn de siste årene, og det var viktig for Kleppa å få frem at de hele tiden hadde gjort jobben så godt den kunne gjøres, og dette falt nok Fjord1 godt for ørene.

Nå er Norges nest største samband opprustet, og skal ta unna 3 millioner kjøretøy og nærmere 5,5 millioner passasjerer. Mindre ventetid, Statens Vegvesen, Fjord1 og statsråd Kleppa var viktige i denne prosessen, og lykkes med det ambisiøse prosjektet. Fiskestrand BLRT fikk oppdraget å bygge skipet. Skroget er bygget i Litauen og sluttført i Fiskestrand utenfor Ålesund. Det er et problem som ikke bare gjelder Fjord1. Rekruttering er tøft. Gode sjøfolk vokser ikke på trær. Vi må derfor vise at vi er et godt konsern og en god arbeidsplass. Det nytter ikke med flotte skip uten godt mannskap. Fjord1 roser sine ansatte for jobben de gjør, og ønsker gode sjøfolk velkommen til en god og utfordrende arbeidsplass.

#### Utnytter erfaringer

Ferga har overgått forventningene med å være 25% mer energieffektiv i gassbruk. Nitrogen og co2-utslipp er også redusert kraftig. NOX og sotpartikler er også så og si borte sammenlignet med et tradisjonell ferge, og Fjord1 mener selv sagt at dette er et godt alternativ til bruer og tuneller under vann. Om Rogfast nå får et skudd for baugen gjenstår å se. Statsråd Kleppa ville ikke ta stilling rundt denne problematikken denne dagen, en ringrev i politikken som hun er.

#### Noen sentrale mål:

Lengde 129,9 meter  
Bredde 19,2 meter  
Øvre bildekk 120 meter  
242 passasjerbiler eller i komb.  
med 22 vogntog  
600 passasjerer inkl. mannskap  
3 gassturbiner på hver 2430 kW  
Gasstankkapasitet: 2 x 150 m<sup>3</sup>  
En dieselmotor på som backup/i  
stadig drift på 3000 kW

Det er slingredus på bordet, så mat og kaffe kan nytes noenlunde trygt. Det er også gratis internett ombord på ferene. Det gjør jo at Facebook og Twitter kan holdes oppdatert og aviser leses på turen.

#### Det hemmelige maskinrommet

Som eneste presse og med følge av Rennesøy og Bokns ordførere, fikk vi et innblikk i skipets dyp. En guided tur i maskinrommet var fanastisk spennende. Her ble det fortalt at erfaringene med andre gassferger var utnyttet til fulle. Utslipp var kraftig redusert og effektiviteten til motorene økt kraftig. Motorene var imponerende nok, Rolls-Roycemere og greier. De to gasstanke lå stabilt midt i skipet.



Ordfører Kyrre Lindanger overrekker kommunevåpenet til kaptein Egil Larsen.

ca. 3 km kø på en tur. Det er bare å oppfordre til pen kjøring når køen slipper fri ved ankomst Mortavika eller Arsvågen.

#### Svele eller komle?

Under overfarten er svelene til Fjord1 den store satsingen. Det har vært konkurranse i svelelaging om bord i Fjord1-båtene, så kvaliteten er nok veldig god. Kyrre Lindanger måtte jo spørre, rogalending som han er:  
- Hva skjer med komlene da?, og fikk vel svaret han ønsket seg. De vil bestå i dagens skrud.

Jeg er enig med Kyrre. Sveler er gode sveler, men komle er og blir komle.

Rent og ryddig, en stødig maskinskje, og kraft som ristet lett i skipet. Lite støy målt ut fra kraft som ble produsert, var vel mest imponerende i den utskremtes ører. Båten er på mange måter et eneste stort gasskraftverk, ble det fortalt. Her er det bare for Bokn kommune å bygge infrastruktur og tilkobling til ferden om strømmen fra Haugaland kraft skulle bli for dyr. Jeg tar med meg skjøteledningstrommelen min og kobler til MAC'en min ved krisen, jeg...

# Nye tomannsbustader

Jardar Havikbotn

## Boknaselskapet Nibe skal levera nye nøkkelklare leilegheiter til 17. mai.

- Det er veldig viktig i små bygder at det må skje noko, men det er så vondt å få det i gong viss du ikkje har tatt sjansen, fortalte Per Berge frå *Berge Sag* på kranselag i tomannsbustaden vest for Boknatun, 3. januar. Han viser til at dei har bygd og selt 22 små eienbustader i Ølensvåg på to år, i ei bygd med 800 innbyggjarar.

Nibe, som driv med bygging og sal i Bokn, har tatt den sjansen, og fått det til. Hus nr. to og tre er under oppføring. Selde er dei også, og fire nye eigagarar kan ta i bruk leilegheitene på sjølvaste nasjonaldagen. Ein av eigaraane i Nibe, Tormod Våga, tykkjer det er kjekt at alle som har kjøpt, vil bu i Bokn.

- Stort sett er dette fyrstegongsetablerarar, men også folk som har lyst på noko lettare, seier han, og fortel også at dei har kontakt med unge boknarar som lurer på om dei må flytta ut av kommunen viss det ikkje er muleg å få tak i ein búplass her heime. Det er viktig for Bokn å ha bustader for sal.

- For å halda på ungdommen må me ha noko å tilby, meiner Tormod, som tykkjer det er eit kvalitetsstempel på kommunen og ein vesentleg faktor for framtida at folk frå Bokn har lyst å etablera seg her. Han eig Nibe saman med Helge Solberg og Bernhard Våga.

### - Flott med byggeaktivitet

Ordførar Kyrre Lindanger synest det er flott at det igjen er byggeaktivitet i Bokn, og at lokale entreprenørar er ein del av det.

- Me ynskjer å auka folketalet i kommunen, og føresetnaden for dette er at det er hus tilgjengeleg på marknaden. Det er spesielt gledeleg at det nå blir eit tilbod til unge fyrstegongsetablerarar, men også at det kjem for sal bustader til godt vaksne menneske som ynskjer å bu på eitt plan, seier ordføraren, som også kan opplysa at Bokn kommune held fram arbeidet med å legga til rette for nye tomter i bygda slik at byggeaktiviteten ikkje stoppar opp.

### Ein slager

At Nibe har opplevd å selja bustadene før dei har avertert dei, understreker ei stor bustadjakt i Bokn, og selskapet opplever også ei enorm interesse for hus. Folk tar jevnleg kontakt for å høyrar kva prosjekt dei held på med. Det har vist seg at tomannsbustader er ein stor slager. Karane i Nibe ser fleire grunnar til dette; gunstig finansiering,



På kranselaget 13. januar, med panoramautsikt utover Boknafjorden, var fylgjande til stades, frå venstre rundt bordet: Bernhard Våga - Nibe, Sverre Kolbeinsen - snikkar, Tormod Våga - Nibe, Helge Solberg - Nibe, Sigmund Grønnestad - entreprenør, Asbjørn Kolbeinsen - snikkar, Morten Kolbeinsen - snikkar, Inge Nerheim - byggeiar Berge Sag, Mikal Førde - snikkar, Magne Jensen - Berge Sag, Unni W W Høivik - Bokn forvalningsstyre, Anne Tove Øvrebo - huseigar og Tone Bergaas - saksbehandlar teknisk.

ideel størrelse for fyrstegongsetablerarar/folk som har lyst på noko enklare, og ein topp moderne leilegheit som er heilt nøkkelklar - det er berre til å flytta inn.

Utfordringa til selskapet er at det i til-

ovafor Boknatun er større enn dei på Austre Bokn (91 m<sup>2</sup>), og er litt annleis inne, med m.a. eige vaskerom. Det er *Berge Sag* som bygger alle husa.

### Gunstig finansiering

Prisen for ein leilegheit i Foresvik er kr.



Tomannsbustaden i Foresvik pr. 23. februar.

legg til at det er lite tomter i kommunen, også er svært få som er regulerte til denne type bustader. Det blir ei stor papirmølle når det må søkast om dispensasjon i kvart tilfelle.

På byggefeltet i Våga kjem det andre huset opp, som er likt det som ligg i Øyrenfeltet. Nibe planlegg også eit hus til i Våga, av samme type det også. Desse leilegheitene har valmtak og carportar, noko tomannsbustaden i Foresvik ikkje har. Men bygningen

2.120.000, og kr. 2.290.000 i Våga. Husa er Husbank-finansierte. Med startlån i kommunen, og med dagens rente kan ein bu for kr. 3.100 – 3.500 i mnd. På kranselaget 18. nov. 2010 fortalte Nibe at dei hadde ambisjonar om eitt slikt lag i året. Med tre slike markeringar på 13,5 mnd. ligg dei godt an i den løypa. Det er tomtemangelen i Bokn som kan setta ein stoppar. Nibe er klare til å bygga berre dei får tak i tomt. Dei oppfordrar folk på jakt etter bustad om å ta kontakt.

## Kommentar til Bokn senterparti sitt innlegg i Bokn Bygdablad - med tittelen, Lovlighetskontroll – hvorfor det?

Jeg velger ikke å kommentere hele innlegget da det også innbefatter ting som har hendt etter min tid som formannskaps- og kommunestyremedlem i Bokn. Jeg var så heldig å få lov til å delta i lokalpolitikken i perioden 2007 – 2011.

### Bakgrunn

Bokn Høyre ble veldig klart plassert på sidenlinjen i diskusjonen om samarbeid og deltagelse i de kommunale utvalgene etter at Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Kristelig Folkeparti inngikk et valgteknisk samarbeid for perioden. Høyre fikk en person i formannskapet og en person i forvaltningsstyret, dette som et resultat av stemmeantall og som tekniske samarbeid ikke kunne gjøre noe med. Dermed var Høyre det eneste opposisjonspartiet i den valgperioden.

Arbeiderpartiet satt med ordfører og Senterpartiet med varaordfører.

Selv om jeg satt alene i opposisjon i formannskapet, følte jeg at det var et godt klima, og sakene ble diskutert ut fra sakens innhold, og ikke hvem som kom med forslaget. Dette vil jeg takke de andre partiene for, og ikke minst ordføreren og gruppeleder for Senterpartiet i den perioden. Vi klarte i de fleste sakene å bygge opp en enighet med enstemmige vedtak. I noen saker vekslet flertallet mellom H og Sp, og i andre saker mellom H og AP eller SP og AP.

### Saken

Som det er fremkommet i media var det jeg, på vegne av Høyre, som satte frem forslag om en kompensasjon for det arbeidet rådmannen hadde gjort i forbindelse med skifte av teknisk sjef

og skolesjef. Jeg ba om at formannskapet ble lukket under behandlingen og at rådmannen måtte fratre møte. Den eneste grunnen for dette var at jeg ønsket en fri diskusjon om temaet. Det var også veldig greit på den måten at; ønsket ikke de andre medlemmene i formannskapet å være med på dette, kunne forslaget legges dødt.

Under diskusjonen ble argumenter for og imot fremsatt, og det var både en god og saklig debatt rundt dette. Det var ingen uenighet om at rådmannen fortjente en kompensasjon. De store spørsmålene var lovligheten, hvordan ville andre reagere, og skulle dette behandles i kommunestyret.

Det var klar enighet om at lovligheten måtte sjekkes ut og at det selvfølgelig var en forutsetning for utbetalingen at dette var greit. Det var også klart at ordfører og varaordfører som forhandlingspart til rådmannen naturlig skulle ta denne saken videre. Skulle en derimot finne ut at utbetalingen ikke ville være lovlig, skulle saken tilbake til formannskapet.

Når det gjelder hemmelighold, var det kun behandlingen i formannskapet som var lukket, resultatet skulle gå som meldingsak til kommunestyre på vanlig måte.

Dette er en helt vanlig fremgangsmåte i personal-, lønns- og andre slike saker. Minner om at også behandlingen av tildeling av midler fra næringsfondet går for lukkede dører, men resultatet/vedtaket er offentlig.

Det kan vises til mange saker der vi hadde en gjennomgang av forskjellige

problemstillinger i andre saker pr. telefon, hvor ordfører hentet inn våre meninger og at vedtaksreferat ble godkjent i ettermiddag. Dette var en arbeidsmetode som vi fant veldig formålstonlig i spesielle tilfeller, for ikke å hindre utvikling i prosjekter.

Jeg mener bestemt at det er veldig galt å mistenkliggjøre ordførerens handlemåte i denne saken.

1. Jeg har hele tiden vært av den oppfatning at vi gjorde et vedtak i tråd med det som er redegjort for i dette innlegget, og at dette var enstemmig.
2. Om Senterpartiet i ettermiddag har skiftet mening eller har en annen oppfatning, er det helt klart at flertallet av formannskapet vedkjenner seg vedtaket, og at ordføreren handlet etter fullmakt gjort i vedtaket.
3. Det var kun diskusjonen som var unntatt offentligheten, vedtaket var hele tiden ment å skulle offentliggjøres gjennom meldingssak til kommunestyret.

Det at det fremstår som om dette var noe som skulle hemmeligholdes, er en misforståelse, og som en må beklage har skjedd, men det lå definitivt ikke som en forutsetning for vedtaket, snarere tvert i mot, dette skulle meldes til kommunestyret.

**Lars S Alvestad**  
Formannskapsmedlem 2007 - 2011

## Bingo i iskald gymsal

Det er kjekt å gå på bingo. Også å støtte Bokn musikkorps arbeid med å delta på bingoen er viktig. For ingen vil vel følge inn i rekken med andre bygder som må ha kassettspelar til marsjeringa 17. mai?

Bingoarrangementet nest siste sundag i januar blei ein kald affære. Det var flotte premiar, god kaffimat og ikkje minst ein flink opplesar. Men kaldt var det. Trass i spenning og innvendig varme, og med stemma alltid klar til å rope; BINGO! Det hjalp berre så lite. Håpar at det neste gang blir noe jamnare spenning, både på innsida og

utsida. For tid til å "slå floke" eller bevege seg er det lita tid til når spelet pågår. Det måtte i tilfelle bli i pausen med ein av Friskis og Svettis' sine instruktørar i bygda.

Bingo er eit fint arrangement, og betyr mykje for Bokn musikkorps, men neste gong må ovna ne på før ivrige spelarar og støttespelarar inntar gymsalen. Ellers anbefales det å ta med ekstra klede.

**Bingodeltakar**



## Livsfarlig lek

Jeg har vært ung en gang, husker jeg.. Jeg er faktisk fortsatt ganske ung, vet hvem Rihanna, Justin Bieber og Jessica Alba er. Jeg vet hva Omg! Lol og Snds betyr, og jeg liker fart og spenning. Det er det mange på øya her som gjør, og overalt hvor jeg går treffer jeg bekymrede foreldre, sjokkerte eldre - og flirende ungdommer, som alle snakker om det siste "stuntet".

Foreldrene har grunn til å være bekymret, for det har utviklet seg en farlig ukultur på Bokn.

Det er "tøft" å drikke alkohol og kjøre etterpå, det er "morsomt" å sende raketter mot folk, det er "greit" å kjøre uten lappen, "kult" å krasje 11 ganger på ei uke, "kult" å spinne, skrense, råne, kappkjøre og kjøre 3 stykk på en motorsykkel, med bare én hjelm. Det er himla kult, faktisk. Fins ikke noe kulere!

Å jo, det var skikkelig kult den gangen motorsyklistene kom susende ned på kaia i Føresvik. De hadde tydeligvis forlagt hjelmene sine. Heldigvis hadde

de kompensert med noen skrekkelige gummi-masker som fikk de til å se ut som forbrente øst-europere uten hår. De maskene beskytter nemlig, om en skulle velte og finne asfalten først med tennene. Da gjør det nesten ikke vondt engang.

**Ungdommer!** Dere har ALLE et ansvar, ALLE har forpliktelser, ALLE av dere har familie som er glad i dere. Kan dere bli flinkere til å si fra, hvis dere sitter på med noen som dere mener kjører uforsvarlig? Dere MÅ tørre, dere har så uendelig mye å miste, så utrolig mye i vente! Jeg er ganske sikker på at alle foreldre foretrekker å få en telefon midt på natta om å hente sønnen/datteren sin, fordi bilen de satt på med kjørte uforsvarlig og de ba om å få hoppe av.

Kjører DU fort som f... og synes det er drittstilig? Se for deg at akkurat DU en kveld må stoppe bilen fordi DU har kjørt ned ei lita jente som var på vei hjem fra bestevenninna si, eller en

liten gutt som sykler hjem fra fotball-trening. Vet DU hva du skal gjøre da? Kanskje det ikke ER noe å gjøre, kanskje er det for sent. Kanskje har DU akkurat ødelagt livet til det barnet, barnets familie, men også din egen familie og ditt eget liv.. Ting blir aldri som før, alt er ødelagt, og ingenting er egentlig töft, morsomt, kult eller drittstilig lenger.

Det hadde vært så ufattelig tragisk om det lille samfunnet vårt skulle miste noen på en så brutal og unødvendig måte. Dere som er eldst i "gjengen", gå foran som gode eksempler, dere blir sett opp til, uansett.

Torr å si nei, til alkohol, til å sitte på med noen du ikke stoler helt på, til alle mulige slags rare påfunn som du burde si nei til.. Det gjelder din fremtid, ditt liv, det er ditt valg og dine muligheter. For å rippe opp i et gammelt slagord; *Det er ikke töft å være død!*

Bekymret boknar

## Livskvalitet i all evighet

Tør du gamble med evigheten? Tror du at jorden og alt liv som er oppstått her begynte ved en tilfeldighet eller tror du på Bibelens innledende ord «I begynnelsen skapte Gud himmelen og jorden.» Om du tror på Bibelens ord; har du en relasjon med din Skaper? Har noen fortalt deg at Gud elsker deg og har en fantastisk plan for ditt liv?

Nå til et mer vågalt spørsmål; om du døde akkurat nå vet du med sikkerhet at du ville komme til himmelen? Jeg vil her vise til hva Bibelen (verdens mest solgte bok) sier om hvordan få en himmelsk evighet: «Jesus sier...: «Jeg er veien, sannheten og livet. Ingen kommer til min Far uten ved meg.» (Johannes` evangelium 14:6)

Hvorfor vil jeg våge meg ut på et tema som i dagens Norge er temmelig tabubelagt. Er det greit å ta opp «det vi ikke snakker om» her i bygdabladet? I desember er det koselig å snakke om engler, fred og det lille Jesusbarnet i krybben. Dette er noe som samler oss nordmenn. Nettopp dette at juletradisjonene har en så stor betydning for vår norske folkesjel viser vårt behov for tilhørighet og høytid (noe er større enn oss selv, og at vi er inkludert i dette større). Da jeg var i Afrika rundt juletider for noen år siden ble dette behovet veldig tydelig. Jeg savnet til og med julenissen! Men julehøytiden har et budskap som virkelig kan forandre liv. Julenissen er en festlig kar som en ikke trenger å si noe negativt om, men vi trenger å gi

større rom for personen som virkelig gir oss den største gaven – evig liv (og et bedre liv her på jorden). Å jakte på det gode liv er det beste vi kan foreta oss «her nede», men vi trenger også å vie vår oppmerksomhet for hva som evigheten angår. Evigheten varer tross alt lengst!

Ved Jesu fødsel ropte englene ut: «Ære være Gud i det høyeste, og fred på jorden, Guds velbehag blant mennesken!» (Lukas 2:14) Så hvorfor er Jesus nøkkelen til denne freden og det evigelivet? Svaret ligger i påskehøytiden. Jesus kunne ikke utgitt «det himmelske pass» uten først å få betalt prisen for å kunne gi tilgang til den himmelske stad. Han måtte bli veien, Han som holder vårt liv i sitt liv slik at vi blir ett med Han. Gjennom sin død og oppstandelse vant han en evig seier over syndens og dødens makt over menneskeslekten. «Synd» er alt som bryter ned mennesker og relasjoner, alt som «stjeler» vår glede, fred, kjærlighet til livet, helse, trygghet, energi osv. Alle mennesker er hjertelig velkommen til himmelen, men synd har ikke adgang. Derfor trenger vi en frelses. Vi er privilegert i Norge, vi har gode kår for livskvalitet. Vi lever i et velferdssamfunn og har en kristen kulturarv som vi trenger å verne om som den mest dyrebare skatt.

I en studieutgave av Bibelen står det en definisjon av ordet fred som er rikere og rommer så mye mer enn hva vi vanligvis forstår av ordet fred. Denne freden som Gud ønsker å gi oss vil

være en hjelp til å komme oss opp på «livskvalitetskalaen»: «Fred, shalom: Fullstendighet, helhet, fred, helse, velferd, sunnhet, ro, framgang, fullkommenhet, fylde, hvile, harmoni; fravær av irritasjon eller uenighet. Shalom er avledet fra verbet *shalam*, som betyr «å være fullstendig, fullkommen og mett». Dermed innebærer ordet *shalom* mye mer enn fravær av krig og konflikt. Det beskriver den helheten som hele menneskeslekten søker etter.» (Bibelen – Guds Ord, studieutgave 2007:s.1118)

Mitt ønske er at Bokn skal være en fredens plass, som vil lykkes på alle områder som angår innbyggernes livskvalitet. Men det er noe vi må gjøre: vi må skape plass for fredelig påvirkning og søke å finne - og gå på fredens vei.

Anette Lundervold

**Lesarar er velkomne med meiningsytringar i Bokn Bygdablad. Du kan skriva på bokmål, nynorsk eller dialekt, og du kan vera anonym, men redaksjonen skal ha fullt namn.**

## Uthenging – kvifor det?

**I desember 2011 hadde Bokn Senterparti i Bokn Bygdablad eit innlegg under overskrifta "Lovlighetskontroll – hvorfor det?". Dette vil me gjerne kommentera.**

Bakgrunnen for at den såkalla "Bonus-saka" blei tatt opp i formannskapsmøtet den 14. juni 2011, var å kompensera for dei store mengdene meirarbeid rådmannen av ulike årsaker tok på seg i 2009 og 2010. Formannskapet signaliserte alt den gongen at det ville bli gitt kompensasjon for meirarbeidet.

Saka blei fylgd opp av opposisjonen ved Lars Sigmund Alvestad som då var gruppeleiar i Høgre, ei oppfølging heile formannskapet sluttar seg til. Hand-saminga i formannskapet gjekk for lukka dører, men vedtaket skulle gå som meldingssak til kommunestyret. Ordførar og varaordførar, som elles forhandlar lønn med rådmannen, fekk i oppdrag av formannskapet å undersøke om det var noko i vegen for å gje eit slikt vederlag. I tilfelle skulle saka tilbake til formannskapet. Dette pålegget blei fylgd opp, og det viste seg at det var i orden å betala ut ein slik bonus.

Etter valet, i slutten av oktober, kom så den overraskande meldinga at gruppemedlemmene til Senterpartiet ikkje godkjente møteboka. Møteboka blei likevel godkjent av eit fleirtal i formannskapet. Difor var det eit klart grunnlag for å utbeta økonomisk kompensasjon til rådmannen. Beløpet blei altså betalt ut etter bestilling frå fleirtalet i formannskapet. Påstanden i innlegget til Senterpartiet om at "ordføreren beordret utbetaling av 200.000 kroner" er såleis heilt feil!

**I motsetnad til Senterpartiets påstandar i innlegget i Bokn Bygdablad, slo Elias Sandvik, revisor i Haugaland kommunerevisjon, fast i ei orientering til kommunestyret den 13. desember 2011 at det faktisk ikkje har skjedd noko som helst ulovleg i "Bonussaka"!**

Alt dette kunne Senterpartiet ha funne ut på udnramatisk vis om dei bare hadde vend seg til det kommunale kontrollutvalet, organet som i utgangspunktet skal handtera slike saker. Det er dess underlegare når det er Senterpartiet sjølv som sit med leiaren i utvalet. Ein rask telefon frå gruppeleiaren i Senterpartiet til ordføraren ville truleg også ha vore avklarande.

I staden gjekk partiet utanom alle dei aktuelle kommunale organa og kravde legalitetstkontroll! Merkeleg nok venta dei ikkje på utfallet av handsaminga der, men oppsøkte dei store, regionale

avisene Stavanger Aftenblad og Haugesunds Avis der dei fekk store oppslag om kor ille det stod til på Bokn. Det var ikkje til å unngå at heile boknasamfunnet med det kom i eit i eit ueheldig lys. Svært sorgjeleg var det også at det som var meint som ein klapp på aksla til rådmannen for idealistisk ekstrainnsats, i staden kom ut som ei mest traumatiske og ufortent uthenging i media. Oppslaga er også eit tvilsamt signal i ei tid då kommunen strevar for å rekruttera gode leiaremne. Slike utspele er heller ikkje spesielt eigna til å skapa eit positivt samarbeidsklima med dei andre partia.

Heller ikkje i saka om sal av lokala til tidlegare Bokn Fiskemottak tok Senterpartiet bryet med å bruka eige kontrollutval. Som i alle andre tilsvarande saker opp gjennom åra, handsama formannskapet også dette salet av kommunal eigedom. Det har skjedd utan motførstellinger frå nokon, korkje kommunestyret eller Senterpartiet. Eit par døme på slike saker, er salet av den nordre tomta i Knarholmen til Wee-gruppa og av kommunens eigedom i Leirgrov til eit dåverande formannskapsmedlem i Senterpartiet.

I tråd med vanleg praksis, blei difor Knarholmsalet handsama i formannskapet. Ved ein feil av eigedoms-selskapet blei også kaien lagt ut for sal. I ettertid fatta formannskapet likevel eit lovleg vedtak om sal av kaien i tillegg til bygningsmassen. Då kravet om legalitetstkontroll kom frå Senterpartiet, gjorde formannskapet om vedtaket sitt og det blei fatta eit samrøystes vedtak om å legga saka fram for kommunestyret til endeleg avgjerd. Alle partia i kommunestyret, med unntak av Senterpartiet, stemte for sal av eigedommen i møte den 13. desember 2011. Stemmemeforholdet 12-5 for sal av eigedommen heldt ein fast ved også i møte den 21. desember 2011. Eit klart fleirtal i kommunestyret stemte altså for å selja det gamle fiskemottaket i Knarholmen med kai.

I prosessen med sal av kommunens eigedom i Knarholmen var også eit lokalt firma representert. Ein av eigarane der, var gruppeleiar i Senterpartiet. Også dette firmaet gav bod, og det er litt overraskande at han ikkje alt då varsle den politiske leiinga, formannskapet eller rådmannen om han lukta uråd. Tvert om heldt firmaet fram med å gje bod. Eit konkurrerande firma vann bodrunden, og kort tid etter kom kravet frå Senterpartiet om legalitetstkontroll av formannskapets salsvedtak.

Me kan ikkje anna enn undrast over at

Senterpartiet har starta dette politiske spelet som ikkje nett fremjar det politiske klimaet i Bokn. Når partiet i staden for å bruka lokale organ for å kasta lys over desse sakene, men går rett til media, ligg det nær å tenkja at det er eit resultat av frustrasjon og misnøye med valresultata i haust. Framgangsmåten kan tyda på at ein ikkje i fyrste rekke var ute etter å få svar på dei to spørsmåla som blei fremja, men å ráka rådmann, ordførar og det politiske fleirtalet så hardt som råd. Ein har altså lagt seg på ei konfrontasjonsline.

Høgre var etter førre kommunestyreval litt i den same situasjonen som Senterpartiet nå. Men partiet valde i staden ei samarbeidsline med fleirtals-partia Ap, Sp og KrF, og fekk god utteljing for det. Den politiske dialogen og dynamikken i dei politiske utvala var god, og alle partia fekk, til glede for heile boknafellesskapet, gjennom store deler av politikken sin.

Det politiske oppdraget skal ein ta på alvor. Å vera i opposisjon inneber ikkje å vera i mot alt som posisjonen er for. Opposisjonen og posisjonen har det same samfunnsansvaret i det politiske arbeidet.

Arbeidarpartiet og Høgre ynskjer å retta blikket framover og ha fokus på det som me har gått til val på: Å byggja og utvikla Bokn og å førebu kommunen på den nye tida. Etter vår meining blir det løsing å bruka knappe administrative ressursar på å handsama legalitetstkontrollar frå ein forsmådd opposisjon. Lat oss heller setja kreftene inn på å løysa dei viktige utfordringane som ligg framfor oss.

Arbeidarpartiet og Høgre ynskjer å bli målt på det me får til denne perioden. Me oppfordrar Senterpartiet til også å bidra i dette arbeidet. Men då må dei ta eit oppgjer med det som etter vår meining er destruktive tenking og leggja om kurset.


**Bokn Arbeidarparti  
Bokn Høyre**

**På neste side står løysinga på førre Boknakryss (frå novemberutgåva i fjar).**

**Du kan også prøva deg på ni stadnamn i Bokn. I neste nr. kjem løysinga.**

**Lukke til!**

## Boknakryss



### VANNRETT

- 1: Ullteppe  
6: Jentenavn  
8: Bror til Abel  
12: Matvare  
16: Øy  
18: Jentenavn  
19: Ukjent  
20: Høgde  
22: Tresort  
23: I alfabetet  
24: Husdyr  
26: Ole Eng  
27: Drikk  
28: Hast
- 29: Bråk/støy  
32: Gardsnavn  
33: Karakter  
34: Dyr  
35: Karakter (bakvendt)  
37: Sjødryr  
39: Hast  
40: To like  
41: Dyr  
42: Singel & ---  
44: Merkelig  
46: Jentenavn  
47: Selskap

### LODDRETT

- 1: Husdyr  
2: Lovnad  
3: Guttenavn  
4: Mindre enn to  
5: Rebus 2  
7: Tine  
8: Rebus 1  
9: Lakkemat  
10: Siste mote  
11: Kokos ----  
13: Esing  
14: LitEN / svak  
15: Jentenavn
- 17: J. Lennon's kone  
21: I nord/sør  
25: Guttenavn  
27: Tall  
28: Guttenavn  
29: Diktar(fornavn)  
30: Guttenavn  
31: Gardsnavn  
34: Dyrenavn  
36: Møbel  
38: Fortalte  
40: Kinolokale  
43: Bibelsk navn  
45: Kald

## Løysing, nov. 2011



1	I	2	J	3	F	4	M	5	A	N	N
K	Ø	D	S	L	E						
O	K	S	E	L	S	D					
H	E	S	E	T							
M	A	N	G	E	E	T					
R	A	U	S	O	K	T					
B	O	K	N	→	K	H	M	U	N	E	
E	U	E	E		S	M	A	R	T		
S	K	I	-	V	E	T	E	R	A	N	
U	T	V	Å	G	E	I	N	A			
S	E	P	E	K	A	T	T	R			
R	O	S	E	A	S	E	L	I			
T	S	E	N	K	L	O	L	L			
V	I	S	T	V	E	E	R	A	D		

### Ny bygdabladnemnd

Det er valt ny bygdabladnemnd for perioden 2012-2015.

Fv. på bildet, Elisabet Taraldlien, Hanne Marte Vatnaland og Kjetil Hamre skal vera med redaktøren og trekka opp dei redaksjonelle linjene i bladet. Nemnda har møte med redaktøren før kvart blad for å diskutera innhaldet og hjelpe redaktøren med stoff og tips.

Har du tips til bladet? Ta kontakt med redaktøren eller eit av medlemmene i nemnda.

Eg vil takka forrige bygdabladnemnd: Johannes Nilsen, Ellen Nedrebø og Lars Norekvål for framifrå innsats dei siste åra.

- redaktøren -



## Straumintervall

Jardar Havikbotn

Lysa i ballbingen ved Idrettshuset kan nå slåast på, med 30 minuttars intervall, mellom kl. 17.00 og kl. 22.30.

Seksjon teknisk opplyser til Bokn

Bygdablad at elektrikarar nå har ordna det elektriske systemet, og stilt inn dei rette tidsintervalla vedr. lysa i bingen. Så nå er det slutt på at det skal lysa der om nettene.

Brukarar som vil ha lys, skal trykka på den grøne knappen utanpå elektroskapet. Då lyser det i 30 minutt. Dette kan gjerast i tidsrommet frå kl. 17.00 fram til kl. 22.30.

Eventuelle endringar vil bli varsle.



# Rekordår for



Bokn Gatebilklubb har i 2011 hatt et rekordår på alle måter, siden oppstarten i 2003. Vi startet året med årsmøtet i februar, hvor vi mottok 10 000 fra Bankrådet på Bokn. Det fortsatte med 10 000 til fra Kjekt På Bokn, en bedre start enn hva vi hadde sett for oss. Kulturmidlene fra kommunen kom også godt med i 2011. Bokn Gatebilklubb hadde i starten på året 18 medlemmer, dette medlemstallet har økt hele året og endte på 31 medlemmer. I Aldersgruppen 16 til 60 år!

som hjalp oss med å sette opp lagerbygget ved den nye brannstasjonen. Uten hans hjelp hadde klubben mest sannsynlig stått i ro fortsatt.

## Negativ omtale

2011 har også med seg en del negative opplevelser for oss i Bokn Gatebilklubb, hvor vi blant annet blir linket med uansvarlig kjøring i kommunen. Dette er noe som Bokn Gatebilklubb tar avstand fra, vi som klubb verken arrangerer eller oppfordrer våre med-

medlemmer til slik kjøring. Det har blitt sagt at "det var bedre før bilklubben kom på plass". Dette skal vi være enig i dersom vi som klubb hadde oppfordret til slik uansvarlig kjøring, noe som ikke er tilfelle.

Vi som alle andre syns det er trist at så mange unge dør i trafikken. Vi som er unge syns også det blir veldig mye fokus på unge, og glemmer de som er voksne og eldre som heller ikke er feilfri og ferdes i trafikken. Det er mye som burde og kunne vert gjort for å



Bokn Gatebilklubb holder til i den gamle brannstasjonen ved Kyrkjebygd skule.

## Takk for støtten

Vi vil takke for støtten vi har fått fra kommunen, bankrådet og kjekt på Bokn-prosjektet. Dette er noe vi setter stor pris på. Vi håper på bra støtte videre i årene som kommer. De midlene vi fikk inn i 2011 har blitt brukt til blant annet bygging av hems og innkjøp av større verkstedutstyr. Selve driften er det medlemmene selv som har stått for i form av kontingent.

Året som gikk har vært et interessant år for Bokn Gatebilklubb, som er det første året med "normal" drift. Vi har fått til en endelig avtale med kommunen med tanke på lagerbygget og garasjen. Vi føler oss godt mottatt hos kommunen med tanke på vårt tilbud til ungdom og voksne fra 16 år og oppover. De møtene vi har hatt med ordfører, rådmann og teknisk, opplever vi en takknemlighet for vårt tilbud, ettersom det ikke er så mange tilbud til denne aldersgruppen. Dette var også noe som ble lagt vekt på når vi først kom i dialog med kommunen.

Vi må også få takke lokale aktører som er med og bidrar til at klubben skal bli bedre. Det er blant annet Tysvær Lakksenter, Mekonomen Haugesund og Bernhards Bil-lyd. Disse bidrar med rabattavtaler til våre medlemmer.

En stor takk vil vi igjen gi til Erik Våga

lemmer til slik kjøring.

Vi er fullstendig klar over at det vi holder på med som privatpersoner lett kan linkes sammen med det vi har som fritidsaktivitet som f.eks. bilklubben. Vi mener uansett det blir feil at Bokn Gatebilklubb skal bli et "navn" på galmannskjøringen på Bokn. Dersom det skulle være noen av våre medlemmer som kjører uansvarlig, har de ansvar for egne handlinger på lik linje med de som ikke er medlem.

Bokn Gatebilklubb har heller ingenting med uteområdet på Kyrkjebygd, vi har retningslinjer fra kommunen at klubben begrenses til angitt plass i garasjen. Vi mener derfor at det som skjer utenfor garasjen sine fire vegger bør og skal belastes den som utfører handlingene.

Flere av våre medlemmer har fått henvendelser privat hvor det har blitt stor diskusjon, og engasjement blant våre medlemmer hvor de føler seg hengt ut som "syndebukker" i bilklubben. Dette mener vi blir feil, ettersom hva de gjør utenfor garasjen på offentlig plass og vei ikke skal lastes Bokn Gatebilklubb. Alle medlemmene i Bokn Gatebilklubb mener at de selv har ansvar for egne handlinger og at dette ikke skal gå ut over klubben.

Det har også vært en del kommentarer som svirret rundt en god stund, hvor

bedre "statistikken" både for unge og voksne. Dette er uansett ikke noe Bokn Gatebilklubb kan gjøre noe med. Vi oppfordrer alle våre medlemmer til å kjøre etter trafikkloven og ta ansvar for egne handlinger.

I fremtiden er det kanskje mulig at Bokn Gatebilklubb kan bidra med at ungdom og voksne får kjøre påbane, dette har vi ikke ressurser til pr. i dag siden dette koster en god del.

## Hensikten med Bokn Gatebilklubb

Det er kanskje litt forvirring om hva vi som klubb egentlig driver med. Hensikten med Bokn Gatebilklubb er et samlingspunkt og verksted for medlemmer. Vi startet denne klubben for ha en plass for å kunne skru bil, et miljø med denne interessen. Hvor bil og MC er være vårt område, i form av skruing og det sosiale. Man behøver heller ikke ha kjøretøy for å være medlem, vi har noen som ikke har kjøretøy, men likevel ønsker å være medlem ettersom det sosiale betyr mer enn skruing.

All inntekt som kommer til klubben går uavkortet til klubbens egne formål. Inntekten går derfor i hovedsak til utstyr og forbedringer i garasjen. Forbedringer som går på bygget har vi dialog med teknisk i kommunen, slik at dette er avklart før noe blir gjort.

## "Åpen garasje"

Vi syns det er synd det har blitt såpass mye negativ omtale om Bokn Gatebilklubb, noe vi håper kan endre seg med tiden.

I løpet av året kommer vi til å invitere til "åpen garasje" med sosialt samvær og en åpen dialog med de som har spørsmål om klubben og lignende. Dette er noe vi kommer mer tilbake til.

Vi håper også at de som har problemer med klubben, kan ta kontakt med oss slik at vi kan få til en dialog istedenfor at det kommer kommentarer og rykter i det skjulte.



I løpet av året vil Bokn Gatebilklubb invitere til "åpen garasje" med sosialt samvær og en åpen dialog med de som har spørsmål om klubben og lignende.

Serie

## Eg seie meg så

Birger Lindanger

### To tydingar

Denne gongen har me teke med boknauttrykk med fleire tydingar. For fyrste gong i historia gjer me då også halve poeng: eit heilt poeng til dei som skriv begge tydingane, eit halvt til dei som bare nemner den eine. Nokre har såleis nemnt at å fli både kan tyda å pynta og å gje og får full pott. Dei som bare nemner det eine alternativet, må nøya seg med eit halvt poeng.

Alle deltakarane kom velberga gjennom denne runden sjølv om ingen heilt nådde alle rette. Det var nok av utfordringar, og 7 ½ poeng i denne samanhengen er ikkje å kimsa av!

### Så forklaringane:

- |                |                                                                                             |
|----------------|---------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. å besa      | å sladra                                                                                    |
| 2. ei kjetta   | ein hokatt                                                                                  |
| 3. munnvalen   | lite flink til å seia frå                                                                   |
| 4. hardbale    | hardhendt                                                                                   |
| 5. eit bisen   | noko overraskande, storhending. Det kan også tyda legg på kjole eller skjørt                |
| 6. å bia       | å venta                                                                                     |
| 7. kjedel      | ein kjel eller gryte. Kan også bety ei flu, eit skjær som sjøen flør over og ei smal hylle. |
| 8. å fli       | å stella seg eller gje bort                                                                 |
| 9. liga halden | ikkje bry seg                                                                               |
| 10. sokkaleist | gå på bare sokkane                                                                          |

### MÅNADENS UTTRYKK

#### Kva betyr...

- |     |                     |
|-----|---------------------|
| 1.  | eit kokse           |
| 2.  | å skrulla           |
| 3.  | eit pådåddel        |
| 4.  | ein vassbenk        |
| 5.  | å roda              |
| 6.  | å hipsa             |
| 7.  | å holva             |
| 8.  | å henta rumpedraget |
| 9.  | askjelege           |
| 10. | ei hokka            |



Var ein askjelege ein lege som hadde spesialisert seg på askeavkok?

Teikning: BL

### Resultat:

Andor Borgenvik	9 av 10
Dagsenteret	8 ½ av 10
Sjukestova	8 ½ av 10

Rosande omtale også til Vevstova, Oddbjørg Bokneberg og Audhild Svensen Alvestad som alle sikra seg 7 ½ poeng.

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 16. mars. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

#### Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad  
Boknatur  
5561 Bokn

Om det ikke blei full pott denne gongen, er det likevel ingen grunn til å fortvila. Det er det samla resultatet som tel.

Ein stor takk elles til Hans Alvestad og Helge Laupland for gode og gamle boknauttrykk.

## 8-9 FERDIGSTILTE HUS I 1992

Teknisk sjef i Bokn, Hans Faye opplyser til bygdabladet at det ser ut til å bli ferdigstilt 8-9 nye hus i Bokn i 1992. To-tre av desse er snart innflyttingsklare, eit par er påbegynte, og resten vil sannsynlegvis bli ferdige før året er omme.

Dette talet er større enn vanleg. Normalt har det vore i overkant av 4 nye hus pr. år ferdige. Ser ein på 1991 og 1992 i samanheng, er alt normalt, for i 1991 var det ingen hus ferdigstilt. Dermed blir gjennomsnittet for dei to åra litt over 4 hus pr. år. I 1990 var det 5 nye hus ferdigstilt.

I byggefeltet Hålandssjøen er det 12 tomter som er klare for bygging. 10 av desse er tildelt. Det er også 1 ledig tomt i byggefeltet nord for Hålandssjøen.

Eit par byggefirma averterer "skreddarsydde" hus på Bokn. Ved Vestlandshus og Utvik A/S får bygdabladet opplyst det har vore ein del



interesse for tomtene, og at nokre vurderer bygging. Vestlandshus har fått kontrakt på 1 hus til nå. Elles vil fleire av dei husa som blir ferdigstilte i år liggja utanom byggefeltet i tilknytning til gard eller elles utanom Føresvik/Avestad-området.

## Omsetning av eigedomar i Bokn

**Søre Sunnlandsstraumen 5 (Gnr 19, bnr 36)** er solgt for kr 1.800.000 fra Tordis Eskeland til Jarle Eilertsen og Karen Synnøve Kristensen Eilertsen  
**(29.11.2011)**

**Gnr 11, bnr 96** er solgt for kr 1.300.000 fra Anne Tove Øvrebø til Rune Vatnaland og Åse Karin Vatnaland  
**(05.12.2011)**

**Andel av Gnr 17, bnr 34** er overdradd fra Margaret Risa og Ragnhild Laupland til Else Margrethe Laupland og Svein Inge Roth Høyvik  
**(23.12.2011)**

**Gnr 23, bnr 22** er solgt for kr 160.000 fra Eline Theodora Trosnåvåg Vatnaland til Per Helge Sunde  
**(27.12.2011)**

**Hognalandsvegen 51 (Gnr 17, bnr 22)** er overdradd for kr 1.000.000 fra Jan Sigurd Laupland til Else Margrethe Laupland og Svein Inge Roth Høyvik  
**(23.12.2011)**

**Gnr 11, bnr 293** er solgt for kr 2.500.000 fra Wee Marine as til Alliance Invest Bokn as  
**(05.12.2011)**

**Føresvikvegen 9 (Gnr 9, bnr 18)** er solgt for kr 1.950.000 fra Marie Dirdal til Margaret Myhre Dirdal og Kjell Inge Dirdal  
**(16.12.2011)**  
**Salget omfatter også Gnr 9, bnr 51**

**Havnavegen 56 (Gnr 11, bnr 185, fnr 3)** er solgt for kr 2.250.000 fra Ørvabøen Partederiet Steinar og til Stangeland Rune Eiendom as  
**(29.12.2011)**

**Boknatunvegen 52 (Gnr 9, bnr 151)** er solgt for kr 200.000 fra Bokn kommune til Nibe as  
**(05.01.2012)**

**Overdragelsen omfatter også andel av Gnr 17, bnr 34**

**Kjelde:**  
Statens kartverk

# Ordføraren sin nyttårstale

Her er ordførar Kyrre Lindanger sin nyttårstale i Bokn kyrkje 31.12.11.

## Kjære kyrkjelyd

Mange takk for invitasjonen til denne gudstenesta den siste dagen i 2011. Det å få vera her i kyrkja på sjølve nyttårsaftan har blitt ein tradisjon som eg set stor pris på. Det er alltid, tykkjer eg, ein heilt spesiell og forventningsfull atmosfære siste dagen i året. På mange måtar sluttast ringen i kveld, gamle forsett skal tas opp til vurdering og me grunnar så smått over det året me snart har lagt bak oss.

I fjor var eg forhindra for å vera til stades her i kyrkja, men eg forstod at varaordføraren innfridde forventningane og vel så det. I staden feira eg jul og nyttår saman med familien min nær der det heile starta, nærmare bestemt i Egypt. Det var ei annleis og eksotisk erfaring, med kamelar og nissar på stranda og julepynta palmer.

Samstundes fekk eg også så vidt med meg starten på noko som skulle prega mykje av 2011; den "Arabiske våren". Det starta i Tunisia, spreidde seg til Egypt, Libya, Jemen og etterkvart Tunis. Og endå held det på. Dei voldsame folkeopprøra har tvinga fire despotor i kne i den arabiske verden dette året.

Kampen for demokrati i den arabiske verda var innleiinga på året med dei store overskriftene: Tsunami i Japan, svoltkatastrofen på Afrikas Horn, Adecco-saken, flaumen i Gudbrandsdalen, ekstremvêr langs norskekysten og ikkje minst den pågåande eurokrisa. Rapportane frå Europa er dramatiske: Arbeidsløysa i vår verdsdel nærmar seg svimlande 25 millionar menneske. I dei mest kriseramma landa opplever ein at offentleg velferd blir sanert, lønningar og pensjonar blir kutta og mange blir kasta ut av heimane sine. Eg veit ikkje om eg skal le eller grina når media gir smørkrisa meir merksemd enn den økonomiske hengemyra Europa er hamna i, og som på sikt også vil ramma landet vårt.

Fleire snakkar nå om ein tapt generasjon i Europa. Ein generasjon som første gang på lang tid vil kunne få det verre enn sine foreldre. Dei fell utanom arbeidslivet før dei har fått sin første jobb. Dei får ikkje flytta heimerfrå. Får ikkje brukt utdanninga si. Tener ikkje pengar.

Me har sett tidlegare at fortviling,



Ordførar Kyrre Lindanger i samtale med sokneprest Arne Aurdal i samband med nyttårstalen.

Foto: Reidar Alvestad

maktesløysa og arbeidsløysa har bidratt til auka rekruttering til høyreradikale grupper og parti. Me kan ikkje utelukke at også det kan bli ein konsekvens av krisa Europa nå går gjennom.

Dei høggreekstremistiske miljøa i Noreg er heldigvis små. Likevel må me vera langt meir på vakt i forhold til desse miljøa enn me til nå har vore. Spesielt etter sommaren 2011.

Terroren som nådde landet vårt den 22. juli var ei frykteleg, uverkeleg og sjelsetjande hending som det endå er vanskeleg å setja ord på og forholda seg til. Skadeomfanget og talet på drepne var så omfattande at det gjer det til den verste valdshandlinga på norsk jord i fredstid. Kvar fjerde nordmann kjänner nokon som blei ramma av terroren i sommar.

Difor har det også vore ei spesiell jul i Noreg. Mange heimar har hatt ein tom stol ved årets julemiddag. Når dei same menneska på den same dagen sit rundt det same bordet og et den same julemiddagen, blir det ei tung påminning om at ein person manglar. Tankane mine i kveld går først og fremst til alle dei familiene som igjen skal gjennom ein høgtid utan at eit av deira kjære familiemedlemmer er til stades.

Men livet lever vidare. Ut av det vonde har det også grodd fram noko godt. Fellesskapet og samhaldet i landet er styrka. Det norske folket møtte hatet med kjærleik og menneskeleg varme. Me har stadfestat for kvarandre at me høyrar saman og viktige sider med det som me oppfattar som vår nasjonale identitet.

Håpet mitt for 2012 er at mange av dei

viktigaste overskriftene frå 2011 gradvis får eit positivt forteikn og forsvinn frå framsidene. Gode nyhende har som kjent ein tendens til å bli fortrengt av dei ofte grufulle oppslaga som media meiner sel. Håpet er at dei positive kreftene vinn fram i verda. At alle utfordringane våre, om det er i Hellas, Egypt eller Nord-Korea, får fram det beste i menneska. At ungjarane i 2012 likevel held på demokratiet framfor høggreekstremisme.

Under press kan menneska bli både kreative, konstruktive og innovative i kampen for demokrati, fridom og likhet. Håpet for det nye året er at ytterleggåande krefter og tankegods, om det er i den arabiske verda eller her heime, blir fortrengt slik at me kan søke saman og stadfesta at me høyrar saman som menneske, og med det slår ring om dei verdiane som betyr så mykje for kvar og ein av oss. All form for ekstremisme, intoleranse og fundamentalisme bør røykast ut i ope lende og utfordrast med debatt.

Det som skjedde 22. juli er noko meir enn ei enkeltståande hending. Difor må det også få konsekvensar for samfunnsutviklinga.

Mitt håp for 2012 er å få fram dei viktigste analysene. Skapa ein betre, ryddigare og meir sakleg samfunnsdebatt. Men ikkje minst: Me skal i endå sterkegrad slå ring rundt grunnlaget som vårt samfunn er fundert på. Me skal vera langt tydelegare i forhold til alle former for ekstremisme som trugar samfunnsfundamentet vårt.

Godt nytt år!

# Full fart med bygdeboka!

Birger Lindanger

Bygdeboka er nå inne i den skrivande fasen. Men før det er tusenvis av sider med historiske dokument som er pløgd gjennom og kopiert:

Alt arkeologisk materiale, mellomalderske diplom, skattelister frå 1519 av, tingbøker frå 1616 av, arveskifteprotokollar frå 1667 av, jordebøker frå 1591 av, jordbrukssteljingar frå 1668 av, manntal frå 1664 av, pantebøker, kyrkjebøker, amtmannsarkiv, futearkiv, lensmannsarkiv, formannskaps- og kommunestyreprotokollar frå 1850 av, kyrkjerekneskap frå først på 1600-talet av, skulestyreprotokollar, fattigstyreprotokollar frå sist på 1700-talet av, folketeljingar frå 1758 av, festeprotokollar for husmannsplassar, folgekontraktar for dei gamle, utskiftingssaker, mengdevis med protokollar frå lag og foreiningar og bygdabladet frå 1985.


Sidan har det vore å ordna alt materialet slik at det kunne utgjera eit godt grunnlag for sjølve skriveprosessen.

Kvar månad går bygdeboknemna nå gjennom og vurderar manuskript frå forfattaren. Eit lite døme frå desse manuscripta, er artikkelen om boknarane og slaget i Hafrsfjord i førre blad. Parallelt med skrivearbeidet, blir det framleis samla stoff. Såleis er medlemmar av bygdeboknemnda i lag med forfattaren i ferd med å gå gjennom gamle avisar for å kopiera det som er av stoff som handlar om Bokn. Det er etter kvart blitt fem ringpermar.

Ikkje minst viktig er det at me også held fram intervjuarbeidet, me har nå snart gjennomført eit halvt hundre intervju. Den neste viktige milepålen blir likevel fotoinnsamlinga laurdag 18. februar. Me ynskjer at det på kvart einast oppslag i boka skal vera eit bilete. Men då er det viktig at de alle er med og bidreg. Når me har lagt inn-samlinga til ein laurdag, er det for å gje også utflytta boknarar høve til å koma med bileta sine.

Men altså, nå blir det i fyrste rekke skrive!

## Nokre eksempel på kjelder:



Utsnitt av Bokns fattigprotokoll frå 1782. Her er i alt ni personar registrerte som fattige, av dei seks kvinner. Kvinnene var stort sett gamle tenestejenter som nå var så til årskomne eller sjuke at dei ikkje lenger makta å brødfø seg sjølv. "Disse og ingen anden maa have tilladelse at omgaae og söge Almisse udi Buchens Sogn", heiter det. Det vil seia at bare desse hadde løyve til å dra tigging i Bokn.

**Faar Bokn gamlehjem?**

Privatfolk har gitt 9000 kroner og herredstyret har valgt en komite til å arbeide med saken.


I Bokn finnes ikke noget gamlehjem, men fleire eldne som er utsett hos private.

Spørsmålet om opprettelse av et gamlehjem er derfor blitt aktuelt og my hør der alts ogna en anledning.

Paa sitt dedikale utsalte fråken Taletta Vaagsang at hun ønsket at gi 3000 kroner til opprettelse av et gamlehjem og en sålav munus Peter Vatnadal har tilbude 8000 kroner til et gamlehjem på betingelse av at dei legges straks.

Med i denne komite er Arne Øvrebo, Ingerne Træland og Leif Sigvald Løten, Matthei Leiborg og H. Alvestad. De skal finne ut om dette er mulig og innkalle en førelag til herredsstyret.

Artikkel om gamleheim på Bokn frå Haugesunds Dagblad, 14. mai 1927



Frå Bokn Forsyningsnemndens protokoll 9. april 1940. På grunn av krigen, blei vekerasjonen av mjøl sett ned til to kilo per husstandsmedlem.



Fv. Rundt bordet: Arne Øvrebo, Sigvert Våga og Leif Vatnaland i djup konsentrasjon på folkebiblioteket i Haugesund.

## Snøklokka

Hvit, stolt og nydelig  
står den der.  
Kjemper mot  
lav temperatur,  
og variabelt vær.  
Et sikkert vårtegn  
den er.

Signy Chena



**For fjerde gong skal det iflg.**

**Kretsutvalet i Coop Marked Bokn delast ut eit kulturstipend i det utvida kulturbegrepet i Bokn kommune.**

Kretsutvalsleiar Olav L. Rossebø, seier til Bokn Byggdablad at stipendet (kr. 6.000) er retta mot ungdom under 25 år, som har blitt gode, eller som er i ferd med å bli gode i noko.

- Formålet med stipendet er at mottakaren skal bruka det til eigenutvikling. Øving gjer meister, og i samband med øvingane treng ein gjerne eit økonomisk tilskot for å kunna gjera treninga/øvinga enklare eller betre for seg sjølv, fortel Rossebø, og oppfordrar til å søka på Kulturstipendet, som kan delast på fleire dersom det er mange verdige

vinnarar.

Boknarar som tidlegare har fått prisen er Harald Trosnavåg, Benedicte O. Mæland og Janne Elin Vatnaland.

I søknaden skal det stå kva stipendet er tenkt bruk til, og den som mottar stipendet, må gi ei kort skriftleg tilbakemelding på kva det er blitt brukt til. Kretsutvalet kan kreva tilbakebetaling dersom stipendet ikkje er blitt brukt etter forutsetningane.

Søknad skal sendast til:

Kretsutvalget for Bokn krets v/ kretsutvalgsleder Olav L. Rossebø Leirgrovvegen 21, 5561 Bokn

eller leverast i eigen postkasse på Coop Marked Bokn.



Janne Elin Vatnaland er blant dei som tidlegare har fått prisen. Her under New York Marathon 6. nov. 2011.

**Søknadsfrist: 5. mars kl. 16.00**

Prisen blir delt ut på Coop Marked Bokn sitt årsmøte på Idrettshuset, tysdag 13. mars kl 19.00

- Forutan vanlege årsmøtesaker blir det underhaldning og bingo, avsluttar Olav L. Rossebø.

## Godt nytt om gammalt

Birger Lindanger

**Det er gildt å arbeida med bygdeboka for Bokn. Men nokre desiderte høgdepunkt dukkar opp frå tid til annan.**

Lenge jakta me på den aller eldste kommunestyreprotokollen, den som for Bokn sin del strekkjer seg frå 1837 til 1850. I denne perioden var me felles kommune med Skudenes og Åkra og hadde då sjølvsgatt protokoll i lag med dei.

Me leita høgt og lågt både i Statsarkivet i Stavanger og på Karmøy, men enda opp med å få den sørgelege opplysningsa at denne protokollen truleg brann opp i lag med mykje anna historisk materiell på Karmøy sist på 1960-talet.


Men så – måndag 13.februar – rann det inn ein telefon frå Interkommunalt Arkiv i Stavanger. Her var godt nytt. Mellom to store protokollar hadde det kome for dagen ein

noko mindre: Dei trudde det kunne vera den første kommunestyreprotokollane for Skudenes og Bokn. Om eg var interessert i å koma inn og sjekka. Eg kasta meg sjølvsgatt sporenstreks i Opelen, og ein time etter sto eg med vedunderet i hendene.

Under árvakent oppsyn frå personalet blei så verket avfotografert og ligg nå vel lagra både i peseen og i fleire bakkoppar. Rett nok finst det samandrag frå protokollen i ei jubileumsbok for Skudenes frå 1837, men her har me det heile.

Nye sider ved boknasoga har opna seg!

Foto av side 74b, frå 8. september 1848 der Stavanger Amt samrøystes blir bede om å hjelpe til slik at Bokn kan bli eigen kommune.



## Bokn Røde Kors fikk mannskapsbil!

Kaj Arne Christiansen

**Bokn Røde Kors fikk i romjulen 2011 en særdeles kjærkommen gave av Karmøy Røde Kors.**

Vi har pratet om det lenge, om å gå til anskaffelse av en mannskapsbil til vårt Røde Kors arbeid. Til nå har vi brukt private biler når vi rykker ut til aksjoner og vakter i distriket, og det er det nå slutt på!!

Vi har et nært samarbeid med alle avdelinger i den frivillige redningstjensten i Nord Rogaland og Sundhordaland, og dette settes pris på.

Da Karmøy Røde Kors i slutten av 2011 gikk til anskaffelse av en helt ny mannskapsbil kom spørsmålet til oss om vi ville ha denne

bilen gratis.

Bilen er en WW Caravelle 1992-modell, er utstyrt med sambandsutstyr og god belysning på taket. Bilen ble merket med Bokn Røde Kors i uke 1 og byttet clutch i uke 2.

Merking blir sponset av Tonjer Skilt og Dekor og det mekaniske blir utført lokalt av Kjell Frode Lie. Hellanor har

også gitt oss særdeles gode priser på deler gjennom KFL Bil og utleie-

Takker alle for bidraget.



Overrekkelse av Terje Eriksen fra Karmøy Røde Kors.

# Stor takksemd frå SUS!

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Bianca Alvestad

I desember i fjor var Bianca Alvestad på nyfødtintensiven på Stavanger universitetssjukehus (SUS) for andre gong, og leverte bitte små heimestrikka prematurklede. Gåva frå Bokn blei sett stor pris på.

Ho fortel at ho denne gong hadde med seg 13 pledd, 22 par sokkar og 67 luer. Kjempeflott! Og det var andre bidrag også, frå Bømlo i nord til Bryne i sør.

Sjukepleieren som Bianca snakka med var svært takksam for leveransane frå Bokn, og ho ba boknaren helsa så mykje til alle som har bidratt og sei takk.

## Stort behov

Sjukepleieren sa også at det heile tida er behov for strikkaklede til dei små.

- Så for dei som er interesserte i å fortsetta å strikka til SUS er det bare å levere det strikker på Coop Marked Bokn. Eg vi då samla det som kjem inn og kjøra innom på SUS når kassen min er full, fortel Bianca.

Det dei treng er luer, pledd og sokkar. Dette må vera strikka i babyull.

Pledda bør vera på størrelse med eit A3 ark, eller større.

Luene kan gjerne passa til eit eple... Ja, dei er små.

- Det vil snart komma opp ei mappe med oppskrifter på oppslagstavla på butikken for dei som treng dette. Så då håpar eg det kjem mange flotte bidrag denne gongen og, avsluttar Bianca Alvestad.

Bilde:  
13 pledd, 22 par sokkar og 67 luer hadde ho med seg denne gong.



Nokre dagar etter leveringa fekk Bianca kort frå SUS med denne helsinga:

*Til Bianca M. Alvestad og alle andre strikkere på Bokn.*

*Tusen takk for alle nydelige bidrag til de små på 3D.  
Det er kjempekoselig for foreld-*

*rene og godt og varmt for barna med hjemmestrikkede tepper, luer og sokker.*

*Tusen takk. Ønsker dere alle sammen en fredelig julehelg!*

*Mvh  
Sidsel Gaard  
v/nyfødt intensiv 3D.*

## Sport

# Gøy med innebandy!

Tekst: Anette Våga - foto: Erik Våga

**15. januar stilte halvparten av Bokn sitt G-9 fotballag opp som innebandylag i en miniturnering i Norheimshallen.**

Med nesten de samme plasseringene på banen som om det var en fotballkamp, førte de innebandykølla mot den lille hvite plastballen og satte den rett i mål, flere ganger. Etter å ha trent kun en gang på forhånd, var de ganske så fornøyde da de vant alle kampene!!!

- Det var ganske så lett, og vi blir gjerne med igjen, noe som laglederne Erik Våga og Alf Åge Alvestad sier seg enige i. Det er flere som har positive erfaringer med å kombinere innebandy og fotball når det gjelder personlig/lagmessig utvikling. Uansett hva det gjelder er den største gleden for alle følelsen av å kunne mestre ting og å ha det gøy!



Pokaloverrekelse, fv. Kenneth Alvestad, Fredrik Våga, Vilde Øvrebo, Vettle Faye, Sindre K. Solberg, Marte Alvestad, Torbjørn B. Christiansen, Kristoffer K. Solberg.

# Spinning

Jardar Havikbotn

**Onsdagskveldane kl. 18-19.15 er det spinning på Idrettshuset. Målet er å få folk i aktivitet, og laga eit treningsmiljø på Bokn for unge mosjonistar og meir aktive.**

Instruktør for det ferske aktivitetstilbodet er Kjell Olav Skjelde.

- Me starta opp med to stk. i starten av desember. Dei siste gongene har det vore stinn brakke, fortel 39-åringen.

Spinning er eit veldig bra tilbod til alle som ønsker å halda seg i aktivitet. Her kan alle uansett nivå delta saman.

- Det opplegget som blir kjørt nå kallast intervalltrening, såkalla kondisjonsforbetring-trening. Målet er å trekka ut når det lysnar i slutten av mars. Det er også muleg me har ei inneøkt vidare.

## Ingen forutsetningar

Kjell Olav fortel også at deltakarane ikkje treng nokon forutsetningar, verken når det gjeld form eller utstyr. - Men det er ein fordel med pulsklokke, sykkelsko, og for baken sin del er det best om man har ei sykkelseukse. Sykkelentusiasten, som har fleire lange sykkeritt bak seg rundt om i landet, kontrollerer all treningen sin med pulsklokke.

- Ein stor del av treningen skal vera med roleg intensitet. Då er det best å ha pulsklokke for å kontrollera at man ikkje trener for hardt.

## Har du lyst å vera med?

Leiar i Bokn IL, Fredrik Faye, opplyser at spinning blir eit aktivitetstilbod for dei som betaler contingent for bruk av treningslokalet (kr. 1.200 pr. år). Ein treng eigen elektronisk brikke for tilgang til lokalet, og interesserte tar kontakt med han (92270796)

Det er 12 syklar i trimrommet, og aktiviteten er avhengig av ei påmeldings-



**TRIMROMMET 25. JANUAR:** fv. Kjell Olav Skjelde, Torunn Skjelde, Helge Kristian Nilssen, Jan Kristian Jøsang, Eiliv Staalesen, Ann Elisabeth Jøsang og Trond Vatnaland.

ordning slik at alle får mulegheit. Folk kan ta kontakt med Kjell Olav (4785 6730), eller skriva seg opp på lista som heng ved sykkelen på idrettsrommet. Blir det stor pågang, blir det sett opp fleire økter.

Organisert sykkelaktivitet i Bokn er avhengig av interessa. Kanskje blir det arrangert sykkelritt i kommunen. Eg blir fortalt at det er nokre interessante terrengsykkeltraséar her og der, i tillegg til bakkeritt opp Boknafjellet.

## CK Haugaland

Lagsleieren nemner at Bokn IL vil jobba mot eit samarbeid med CKH, og er glad for at Kjell Olav skal leia dette arbeidet.

- CKH er den leiande sykkelklubben i Nord Rogaland, og blei stifta i 2011 etter sammenslåinga av sykkelklubbane Stegaberg, Vindafjord og Karmøy.

CKH sin målsetting er å etablira eit sykkeltilbod i heile regionen, seier Kjell Olav, som meiner at Bokn IL vil få det beste tilbodet om aktive CKH-medlemmer er med og lagar eit opplegg saman med Bokn IL. Det viktigaste er å få nytta kompetansen til CKH rundt dette med trening.

CKH har eigen barne- og ungdomsgruppe samt damegruppe. Dei arrangerer fellesturar til både ritt og treningssamlingar, og har gode vilkår hos hovudsponsor Bike Brothers.

- CKH vil forhåpentlegvis få fleire medlemmer frå Bokn etter kvart, avsluttar Kjell Olav Skjelde, som også fram til slutten av mars kjem til å køyra ei styrketrokk-økt kvar mandag kl. 20.30-21.30. Blir det stor pågang her, blir det to økter på onsdagar.

# Løpegruppe

Jardar Havikbotn

**Bokn IL har også etablert ei løpegruppe, som er innmeldt i friidrettsforbundet.**

Gruppa blir leia av Hege Sunde og Celine Bokneberg. Idrettslaget ønsker å få samla alle "skapjoggarane" til nokre fellestreninger, dra inn eksterne trenrar, og sørga for at løparane endeleg kan representera Bokn når dei deltar i løp.

Formann i Bokn IL, Fredrik Faye, vil

understaka at laget ønsker at både spinning og løping skal vera tilbod for alle, uansett mål for treninga.

- Me vil også gjerne også ha med dei unge på desse aktivitetene, seier Fredrik, som 4. mars vil gi alle mosjonistar og treningsinteresserte ein liten vitamininnsprøyting. Då kjem Karl Johan Rasmussen (**bildet**) for å halda eit foredrag om trening/motivasjon/mål, osv.



Foto: Scanpix

# KULTURKALENDEREN

## Mars

- 01. **Bokn Historielag har årsmøte, sjå s. 35**
- 04. Gudsteneste kl. 11.00
- 04. Gudsteneste kl. 11.00
- 06. Styrearbeid og verdiskaping i eit folkehelseperspektiv, sjå s. 37**
- 07. Dåpsskule i Allrommet, Boknatun kl. 12.40-14.30**
- 07. NMS har møte på bedehuset kl 1900**
- 09. Kino i Auditoriet
- 11. Familiespeiding i Speidarskogen kl. 1500
- 11. NMS har møte på bedehuset kl 1900
- 12. Bibellesing på bedehuset kl 1900
- 14. Dåpsskule i Allrommet, Boknatun kl. 12.40-14.30**
- 15. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
- 18. Gudsteneste kl. 11.00, løftefornying
- 18. Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
- 21. Dåpsskule i Allrommet, Boknatun kl. 12.40-14.30**
- 23. Kino i Auditoriet
- 24. Årsmøte i Bokn Røde Kors, sjå s. 36**
- 25. Karmsund ABR-senter har møte på bedehuset kl 1900
- 26. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
- 26. Bibellesing på bedehuset kl 1900
- 28. Dåpsskule i Allrommet, Boknatun kl. 12.40-14.30**

## April

- 01. Gudsteneste kl. 11.00, dåpsskule/konfirmantar
- 05. Påsken i ord og tonar og påskemåltid på bedehuset kl 1630
- 06. Gudsteneste kl. 11.00
- 08. Gudsteneste kl. 15.00
- 14. RogalandsRunde i Trial**
- 15. Familiespeiding tur på Boknafjellet kl. 1500
- 15. Norsk Luthersk Misjonssamband har møte på bedehuset kl 1900
- 18. Kontaktmøte på bedehuset kl 2000
- 19. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
- 20. Kino i Auditoriet
- 22. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
- 22. Vårkonsert kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
- 22. Gideon har møte på bedehuset kl 1900
- 23. Bibellesing på bedehuset kl 1900
- 25. Sjømannskirken har basar på skulen kl. 19.00**
- 29. Gudsteneste kl. 18.00, Ung messe - samtalegudst.

## Mai

- 04. Kino i Auditoriet
- 06. Gudsteneste kl. 11.00, konfirmasjon
- 13. Normisjon har møte på bedehuset kl 1900
- 17. Gudsteneste kl. 10.30
- 18. Kino i Auditoriet
- 20. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
- 27. Gudsteneste kl. 11.00 i Tysværkyrkja, felles for Bokn og Tysvær

## Juni

- 01. Kino i Auditoriet
- 03. Gudsteneste kl. 11.00 ute i Loten, felles for Bokn og Tysvær
- 06. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
- 17. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
- 23. St. Hans feiring på Nærmiljøanlegget kl. 1800
- 24. Gudsteneste kl. 11.00
- 30.-
- 06.07 Kretsleir for Vandrarar

## Juli

- 07. Sommarmarknad på kaien i Foresvik
- 08. Gudsteneste kl. 12.00
- 29. Gudsteneste kl. 12.00

## August

- 17. Kino i Auditoriet
- 31. Kino i Auditoriet

## September

- 14. Kino i Auditoriet
- 28. Kino i Auditoriet

## Oktober

- 06. NM-Lag i Trial**
- 12. Kino i Auditoriet
- 26. Kino i Auditoriet

## November

- 09. Kino i Auditoriet
- 18. Vamp-konsert på skulen
- 23. Kino i Auditoriet

## Desember

- 07. Kino i Auditoriet

## Gravlagde i Bokn 2011

Ragnhild Hognaland (Avaldsnes)	07. januar
Leif Alvestad	19. januar
Arvid Holberg	20. februar
Olav Nedrebø (Grimstad)	29. mars
Herlaug Alvestad	10. april
Sigvert Are	11. mai
Agnar Sæbø	25. oktober
Gerda Grønnestad	14. november



# Gratulerer!



Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08



**Hanna Røsdal Lund 1 år, 27. des.**

Hipp Hurra for Hanna! Gratulera masse med dagen, vennen.

**Gode klemmar fra Magne og Lovise, mamma og pappa.**



**Sanne Øvrebø 4 år, 6 januar.**

Me vil gratulere den snille søstera vår med dagen i dag. Håper du får en fin bursdagsfeiring. Kjempe glad i deg vennen.

**Klem fra Eline, Vilde og Live. Mamma og pappa hilser også.**



**Theo Grønnestad Johanssen 2 år, 7. januar.**

Gratulerer med dagen til gullgutten vår!

**Klem fra mormor og morfar.**



**Joakim Skjelde 13 år, 8. januar.**

Me vil gratulerer Joakim med dagen!

**Hilsen Matilde, Lisbeth, mamma og pappa.**



**Roar Jøsang 21 år, 10. januar.**

Me vil få gratulera vår kjære Roar så blei 21 år den 10. januar. Håpe du hadde ein fin dag.

**Klem Sandra, Lisbeth, mamma og pappa, mormor å farmor hilse og.**



**Kristian Nilssen 17 år, 11. januar.**

Me vil gratulera den gode broren vår med 17 års dagen!

**Hilsen Henrik og Hanne. Mamma, pappa, Gro og Jostein hilse og.**

**Me e alle kjempeglad i deg.**



**Gabriel Hetland 14 år, 12. januar.**

Gratulerer med 14 års dagen, Gabriel!

**Hilsen mamma, pappa, Karen og Ingrid.**



**Kristine V. Kvinneland 40 år, 18.01.**

Me vil gratulera den spreka klubbvenninå vår med 40 års dagen! Me er klare te den store festen i sommar.

**Klemz fra syklubben din på Bokn.**



**Kristine V. Kvinneland 40 år, 18.01.**

Me vil gratulera vår kjære tante med 40 års dagen! Me e kjempeglad i deg.

**Klem fra Lene, Sylvia, Kelly og Kimmy.**



**Kristine V. Kvinneland 40 år, 18.01.**

Me vil gratulera vår kjære datter, søster og svigerinne med 40 års dagen. Håpar du får ein fin dag.

**Klem fra mor og far, brødre og svigerinner:)**



**Lisbeth Jøsang 24 år, 20. januar.**

Me vil gratulera vår kjære dotter og syster med 24 års dagen. Håpe du hadde ein fin dag. Me e adle kjempeglad i deg.

**Klem Sandra, Roar, mamma og pappa, farmor og mormor hilse og.**



**Iren Jøsang 41 år, 27. januar.**

Me vil få gratulert den kjæra morå våres så moje me dagen sin! Me e kjempeglad i deg adle samen og me håpe dåkke koste dåkke i Bergen :)

**Hilsen badnå dine og den kjære maen din.**



**Benedicte O. Mæland 18 år, 3. feb.**

Me vil gratulera den flotte jenta vår med 18 årsdagen!

**Stor klem fra mamma, pappa og Ramona.**



**Janne Mæland, 19. februar.**

Vi vil gratulera verdens snilleste mamma! Klemmer fra barna dine, Joakim og Monika.

**Kjære Hans gratulera også.**

**Monika Øvrebø 3 år, 20. februar.**

Vi vil gratulera verdens beste jentå våres!  
Håper du få ein fin dag. Kjempeglad i deg.

**Klemmer fra storebror Joakim,  
mamma og pappa.**

**Ingunn Grønnestad 40 år, 19. feb.**

Me vil gratulera Ingunn så masse med 40-års dage;)  
Kosa deg på Rauland.

**Klem fra klubben.**



**Me vil gratulere Edith  
Hervik og Tor Inge Sæbø  
med den herlige lille  
gutten, Marius.**

**Hilsen Famillien på Bokn.**

**Julie Bokneberg 15 år, 21. februar.**

Gratulera så masse med dagen, Julie,  
som du feire i sol og varme.

**Masse klemmar frå mamsen :):)**

**Bjørg Bokneberg 70 år, 24. februar.**

Gratulera med den store dagen! Kos deg med gjengen i varme strøk.

**Klem Anita:):**



**Vi vil gratulera Grete Øvre-  
bø og Jan Sigve Eike så  
mye med den litla jentå,  
Marita Regine, som blei  
født den 13. januar på  
SUS.**

**Hilsen bestemor og beste-  
far.**

**Fra barnemunn:**

Damene er mykere i hjørnene enn det  
mennene er. (Pia 6 år)

Hvis du går en tur og hjernen faller ut,  
så finner vi ikke veien hjem, for  
da klarer vi ikke å tenke klart lenger.  
(Caroline 6 år)

Hvis man blir støl i huden er det bare å  
smøre seg med tigerbalsam. Den  
virker fort, for most tiger er kraftige  
saker. (Hege 6 år)

Kilde: Internett

## Ungdommens kulturmønstring

Jardar Havikbotn

**Benedicte O. Mæland og Ida Havik-  
botn skal representera Bokn på  
fylkesmønstringa i Tysværtunet  
kulturhus 16.-18. mars.**

Storsalen var stappfull, og vel så det, då lokalmønstringa for Tysvær og Bokn gjekk av stabelen 27. januar. Rundt 360 frammotte fekk sjå og høyrta 20 innslag på under to timer, med glimrande lyd og arrangementsgjennomføring.

Ute i vestbylen hang ein del visuell kunst. Benedicte (18), som også var med i UKM i fjar, hadde med fem bilder denne gong. Juryen plukka ut bildet av Marilyn Monroe, til fylkesmønstringa.

Ida (12) gjekk også vidare til fylkesmønstringa, sjølv om ho ikkje er fylt 13 når mønstringa skal gjennomførast. Songen "Someone Like You" med piano (flygel) og vokal slo godt an hos både publikum og dommarar. Juryen gjorde eit unntak, og ville at ho skulle framføra songen ein gong til når ungdom frå heile fylket samlast i Tysværtunet i mars.

Det er ei stund sidan me hadde lokal



Fv. Benedicte O. Mæland og Ida Havikbotn ved utstillingsbildene til Benedicte, under lokalmønstringa 27. januar.

mønstringar i Bokn. Eit samarbeid mellom kulturkontora i Bokn og Tysvær gjer at boknarar får vera med i Tysværtunet, i alle fall så lenge det er få som melder seg på her heime. La oss håpa at dette inspirerer andre unge i Bokn til å meldt seg på neste

år, så får tida visa når det blir lokal mønstring i Bokn igjen.

På YouTube kan ein finna videoar av korleis Marilyn Monroe-bildet til Benedicte blei til, og Ida si framføring av "Someone Like You".

**Formannskapsmøte 18. oktober 2011****Sak 052-1/11: Sal av næringseigedom i Knarholmen.****Formannskapet sitt vedtak:**

1. Sal av kai.  
Under føresetnad av at kommunen ikke har juridiske forpliktelsar i forhold til kommunestyret sitt vedta frå 1987 om sal av sjøhustomt til Pr. Ørvabøen, veta formannskapet å selja kai saman med bygget.
2. Sal av gamle Bokn fiskemottak.  
Forslag: Dersom ei juridisk avklaring tilseier at kommunen har juridiske forpliktelsar i forhold til kommunestyret sitt vedtak frå 1987 skal formannskapet ha saka tilbake for vidare behandling.

Forslaget blei vedtatt med 5 mot 2 røyster.**Formannskapsmøte 8. november 2011****Sak 52-3/11 Sal av næringseigedom i Knarholmen.****Formannskapet sitt vedtak:**

(5 mot 2 røyster).  
Bygg og kai seljes til høystbydande. Ordførar og varaordførar får fullmakt til å gjennomføra salet til høystbydande 4,1 mill.

**Formannskapsmøte 29. november 2011****Sak 063/11 Sal av næringsbygg i Knarholmen fiskerihavn – lovligghetskontroll.****Formannskapet vedtok:**

1. Formannskapet sitt vedtak om sal av fiskemottak og kai gjerer om.
2. Saka om sal av fiskemottaket og kai vert fremma for kommunestyret til endeleg avgjerd.
3. Dagens ordning med føring av møtebøker legges om. Dei politiske møtenes form og innhald gjerer meir formelle og strammes inn, det innføres krav om innlevering av skriftleg forslag til vedtak og vidare skal møtebøkene godkjennast og underskrivast før møtene formelt lukkes/avsluttes.

**Sak 064/11 Bonus – lovligghetskontroll.****Formannskapet vedtok:**

Formannskapet ber om at saka om økonomisk kompensasjon til rådmannen vert tatt opp på ny. Vedtaket vart samrøysta vedtatt.

**Formannskapsmøte 7. desember 2011****Sak 069/11 Økonomisk kompensasjon for merarbeid.****Formannskapet vedtok:**

Rådmann kompenseres for ekstra arbeidsbelastning med en engangskompensasjon på kr. 200.000,-. Beløpet utbetales umiddelbart og vert dekkja av reservert løying.

Forslaget vart vedtatt med 5 mot 2 stemmer.

**Forvaltningsstyremøte 17. november 2011****Sak 037/11 Gnr 11 bnr 34 - Lars Kåre Sæbø - søknad om oppføring av nausthytte -klage på vedtak****Forvaltningsstyret vedtok:**

1. Forvaltningsstyret tek klage dagsett 29.08.2011 frå Lars Kåre Sæbø v/EDB Tjenester Norge Ltd til fylgje, og gjer om vedtaket i sak 027/11 slik at det vert dispensert frå kravet i reguleringsføresegne om samla plan i samband med søknad om løye til oppføring av nausthytte.  
Dispensasjonsvedtaket vert gjort med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova.
2. Forvaltningsstyret legg vekt på at området er regulert til nausthytter, og at området i all hovudsak er bygt ut.  
Omsøkt bygg vert vurdert som ei naturlig fortetting av området, og utbygginga vert ikkje vurdert å føre til større ulempe for naboar enn det som er påreknelig ut frå reguleringsplanen.
3. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeøyve gjevest administrativt på delegert fullmakt. Ettersom avstand frå omsøkt bygg til nabogrenser er mindre enn 4,0 m, må det ligga føre skriftleg samtykke frå eigarar av naboeigedomanne, jfr § 29-4 i plan- og bygningslova.  
Bygget må og brannsikrast i samsvar med krava i TEK 10, § 11-6, og det må gjerast nærrare greie for dette før endeleg byggeøyve kan gjevest.

**Sak 038/11 Erik Eikje - fasadeendring sjøhus.****Forvaltningsstyret vedtok:**

1. Forvaltningsstyret finn ikkje at omsøkt løysing kan godkjennast då ho stirr mot krav til arkitektonisk formgjeving etter funksjonen bygget har og til krav til visuell kvalitet slik det er krav om etter §§ 29-1 og 29-2 i plan og bygningslova.
2. Dersom tiltakshavar legg fram nye teikningar som på ein god måte syner arkitektonisk formgjeving som høver til den næringa som no blir driven i bygget, finn forvaltningsstyret at dette må godkjennast.
3. Endeleg vedtak i saka kan gjerast av administrasjonen på delegert fullmakt.

**Sak 039/11 Gnr 16 bnr 5 -Jan Are - ulovleg ombygd naust -ny handsaming etter fylkesmannen sitt vedtak i klagesak.****Forvaltningsstyret vedtok:**

1. Forvaltningsstyret finn at det aktuelle bygget må reknast som naudsnyt for landbruket, og at dispensasjon frå byggefobodet i strandsona derfor ikkje er naudsnyt.  
Det er lagt avgjeraende vekt på tilrådinga frå Bokn Fiskarlag, og det er vidare lagt vekt på at det i

framlegg til revidering av kommuneplanen er opna opp for spreidd næringsverksemd i det aktuelle området.

2. Forvalningsstyret viser til at byggearbeidet skulle vore meldt til kommunen før det vart utført, jfr §81 i plan- og bygningslova av 1985. Dersom melding hadde vore sendt inn før arbeidet vart utført, ville det truleg vorte stilt krav om ei anna takutforming enn det bygget nå har fått.
3. Forvalningsstyret godkjenner bygget slik det er bygd og slik det går fram av teikningar som ligg ved. Vedtaket er gjort med heimel i § 20-4 og i samsvar med reglane i § 20 -1.

**Sak 040/11 Søknad om frådeling av ca 0,5 dekar utmark/skog frå gnr. 2 bnr. 3.**

**Forvalningsstyret vedtok:**

Forvalningsstyret gir samtykke til frådeling av ca 0,5 dekar utmark/skog frå gnr 2/3 jf grunngjeving i saksutgreininga og jordlova § 12.

**Sak 041/11 nr 2 bnr 3 -Einar Våge -frådeling av parsell.**

**Forvalningsstyret sitt vedtak:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvalningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av ein parsell frå gnr 2 bnr 3 slik som omsøkt. Det er lagt vekt på at det omsøkte arealet skal nytast for å betre trafikktryggleiken i Håkleptunnelen, og forvalningsstyret vurderer det derfor slik at samfunnsinteresser av stor vekt talar for frådeling.
2. Med heimel i § 20-1m) i plan- og bygningslova vert det gjeve løyve til frådeling av ein parsell på ca 0,5 daa frå gnr 2 bnr 3 som tilleggsareal til gnr 2 bnr 14 slik som omsøkt.
3. Det blir sett som krav at parsellen blir slegen saman med gnr 2 bnr 14, som vegvesenet alt eig.

**Sak 042/11 Gnr 9 bnr 72 -Lars Norekvål - bustadhús med 6 bueiningar – igangsetjingsløyve.**

**Forvalningsstyret vedtok:**

1. Før det blir gjeve løyve til å setja i gong
  - a. må det sendast inn teikningar som syner stottemur/ avslutningsmur på nordaustsida (nedsida) av bygget.
  - b. må detaljplan for leikeplassar og felles oppholdsplass sendast inn. Plassane må vera opparbeidde i samsvar med godkjende planar før det blir gjeve ferdigattest og bygget kan takast i bruk.

Løyve til å setja i gong kan gjevast av administrasjonen på delegert fullmakt.

**Forvalningsstyremøte 6. desember 2011**

**Forvalningsstyret 06.12.2011.**

**Sak 044/11 Gnr 3 bnr 12- Per Eivind Ognøy- frådeling av tomt - dispensasjon.**

**Forvalningsstyret sitt vedtak:**

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvalningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av tomt for eksisterande bustad slik det er søkt om.

Det er lagt vekt på tiltakshavar si grunngjeving i dispensasjonssøknaden, og frådeling vert vurdert som eit viktig tiltak for å halda oppe gardsdrifta og busetnaden i bygda.

Det vert og lagt vekt på at tomta ligg i eit hjørne av eigedommen slik at ulempene for gardsdrifta vert minimale, og at tomta allereie er bygt på, slik at arealbruken ikkje vert vesentleg endra. Forvalningsstyret understrekar at det talar for frådeling at det ligg einebustader i umiddelbar nærleik. Etter ei samla vurdering finn derfor forvalningsstyret at føremona ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene. Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket, kan endeleg vedtak gjerast administrativt på delegert fullmakt.

**Sak 045/11 Gnr 7 bnr 33 -Nibe AS- oppføring av tomannsbustad.**

**Forvalningsstyret vedtok:** (med 5 mot 2 røyster)

Med heimel i Plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon og § 20-1 *tiltak der det er krav om søknad og godkjenning* blir søknad om dispensasjon for tomannsbustad på gnr 7 bnr 33 avsleget.

Avslaget er grunngjeve med at forvalningsstyret ynskjer at det blir arbeidd ut ein heilsakleg detaljplan for bustadområdet. Dette for å sikra at det blir bygd ut eit bustadområde der ein har tenkt gjennom utforming av både bygningar og infrastruktur.

I planane skal det bli teke høgd for rekkefylgjekrav kva gjeld infrastruktur. Samstundes med at det blir utarbeidd detaljplanar skal det arbeidast ut ein utbyggingsavtale.



**Fra barnemunn:**

Kroppen må ha mat for å overleve. Italiensk salat kostar over fem kroner kvadratmeteren. (Henrik 7 år)

Det går ikke an å gjemme brokkolien i melkeglasset. (Jonny 6 år)

Blåbær er innmari godt, fordi det er syltetøy inni dem. (Bjørn 5 år)

Anarki er et land hvor kongen er dronning. (Tore 11 år)

Jomfruelig land er et sted hvor menneskehender aldri har satt sine føtter. (Hans Petter 7 år)

En kropp er noe som ender i skoene. (Andreas 5 år)

Kilde: Internett

# Ut på tur...aldri sur..!

## Er det så enkelt?

Anne E. Askeland

**Ja; det er så enkelt! Men; tek vi det på alvor? Kjem vi oss ut – på tur?**

Hvis ikkje, bør fleire av oss gjera det så raskt vi kan. Har ein i tillegg tilgang på tilrettelagde uteområde som gjer det enkelt å velja å vera i bevegelse vert det enno enklare... alt. Rema 1000 reklamerer med "Det enkle er ofte det beste"; så også i denne samanhengen. For dei fleste av oss vil det å kunne gå ein tur nokre gongar i veka gjera underverker for både den fysiske helsa, for sovnkvaliteten vår, for humøret, for appetitten – ja; til og med for huden. Vi vert meir "hardhuda" på alle måtar: Vi vert betre rusta til å tåla ekstra - påkjenningar som for



- Da hørte jeg fra lien...

